



KLAGENEMNDSSEKRETARIATET




ÅRSRAPPORT 2018



Innhald

I. Leieren har ordet	6
II. Introduksjon til verksemd og hovudtal	8
2.1 Klagenemndssekretariatet	8
2.2 Samfunnsoppdrag, visjon, mål og verdiar	8
2.3 Nærare om dei strategiske hovudmåla for organet for 2018–2022	8
2.4 Resultatkjede som viser fram viktige samanhengar	10
2.5 Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA)	11
2.6 Konkurransklagenemnda (KKN)	11
2.7 Medieklagenemnda	11
2.8 Stiftelsesklagenemnda	11
2.9 Lotterinemnda	11
2.10 Frivilligregisternemnda	12
2.11 Energiklagenemnda	12
2.12 Fagområde for alle nemndene	12
2.13 Omtale av organisasjonen og leiinga i Klagenemndssekretariatet	13
2.14 Lokale	16
2.15 Inkluderande arbeidsliv, verneombod og bedriftshelseteneste	16
2.16 Økonomi i Klagenemndssekretariatet	17
III. Aktivitetar og resultat i 2018	20
3.1 Overordna om aktivitetar og resultat	20
3.2 Nøkkeltal	21
3.3 Overordna om ressursprioriteringar i 2018	22
3.4 Aktivitet i Klagenemnda for offentlege innkjøp i 2018	22
3.5 Konkurransklagenemnda	27
3.6 Stiftelsesklagenemnda	29
3.7 Lotterinemnda	33
3.8 Frivilligregisternemnda	36
3.9 Medieklagenemnda	38
3.10 Talet på innsynskrav i 2018	40
3.11 Vurderingar av om Klagenemndssekretariatet oppfyller dei strategiske måla	41
IV. Styring og kontroll i verksemda	44
4.1 Overordna om styring og kontroll av verksemda i 2018	44
4.2 Kompetanseoverføring	45
4.3 Beredskap og tryggleik	45
4.4 Mangfald og likestilling – inkluderingsdugnad	47
4.5 Arbeidslivskriminalitet	47
4.6 Digitaliseringstiltaka gjennom året	47
4.7 Styring og kontroll	48
4.8 Avvikshandsaming	48
4.9 Risikovurderingar	48
V. Vurdering av framtidsutsikter	49
VI. Årsrekneskap	52
6.1 Leiarkommentar til årsrekneskapen for 2018	52
6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen	53





I. Leiaren har ordet

Klagenemndssekretariatet har no lagt bak seg det andre driftsåret sitt, og vi må dermed snart rekne oss ferdige med etableringsfasen. Erfaringane frå 2018 er at vi no ser ei vesentleg effektivisering ved at sekretariatsfunksjonen for flere nemnder er samla. Hovudmålet ved inngangen til 2018 var å etablere ein organisasjon som kunne handtere saksførebuinga for ulike klagenemnder på ein mest mogleg einsarta måte, slik at organet i størst mogleg grad skulle kunne oppnå den ønskete effektiviseringa.

Organet utvikla i 2018 ein strategiplan for dei neste fire åra der eit velfungerande organ med høg legitimitet, effektivitet, kvalitet, profesjonalitet blei stadfesta som dei overordna måla. Vi jobbar for å oppfylle samfunnsoppdraget vårt, og visjonen er klar: Klagenemndssekretariatet skal sikre rettstryggleik og ei uavhengig klagebehandling for dei nemndene organet støttar.

Klagenemndssekretariatet har no ei klar retning for utvikling som sekretariat for mange klagenemnder, og dei tilsette har jobba målretta i 2018 for å oppfylle dei strategiske måla.

Administrativt har organet hatt eit svært produktivt år, og dei fleste etableringsaktivitetane er no ferdige. Det har blitt utvikla ei fullstendig strømlinjeforming av sekretariatsfunksjonen. All saksbehandling skjer via eit felles arkivsystem, alle dokument som blir handterte av sekretariatet, uansett kva nemnd dokumentet gjeld, blir lagde ut på einnsyn, og det er lagt opp til sending av dokument elektronisk frå offentlege oppdragsgivarar for alle nemnder. Alle nemndsgodtgjeringar blir betalte ut via eit felles system, slik at vi har fått god kostnadskontroll på godtgjeringane og eit meir føreseieleg og tidseffektivt system for nemndsmedlemmene.

Ikkje minst har Klagenemndssekretariatet fått ei einskapleg nettside der alle nemndene har fått sine undersider. Dette vil seie at alle innkomne saker og avgjorde saker blir lagde ut lett

tilgjengeleg for alle. Det er lett å finne statistikk og informasjon om saksbehandlingstid, samansetninga av nemnda og annan informasjon om kvar enkelt klagenemnd. Ei felles nettside for alle nemndene gir organet og nemndene legitimitet ved at samfunnsoppdraget kjem tydelegare fram.

For å oppnå kvalitet og effektivitet krevst det høg kompetanse hos saksbehandlarane. Fagleg sett hadde organet i 2018 som mål å auke kompetansen hos dei saksbehandlarane som støttar dei ulike nemndene, for å auke kvaliteten på dei tenestene organet skal tilby. Auka kompetanse gir auka effektivitet. Organet hadde ingen eller lite kompetanse på mange av dei rettsfelte som organet måtte handtere då organet blei etablert, og det var i 2017 ei utfordring å halde framdrifta oppe samtidig som tenestene skulle ha det kvalitetsnivået nemndleiarane forventa. Arbeid med kvalitet og kompetanseutvikling er ein kontinuerleg prosess og er det viktigaste elementet i eit organ som Klagenemndssekretariatet.

Resultatet av at vi har lagt meir vekt på kompetanse og erfaring, er effektiv saksbehandling for alle nemndene i saker med god kvalitet, trass i at vi også har ei rekkje store og ressurskrevjande saker. Ein stabil organisasjon utan for mykje gjennomtrekk av tilsette og med motiverte tilsette, har vore avgjerande for at Klagenemndssekretariatet kan seie seg svært nøgd med dei resultatata organet kan dokumentere i denne årsrapporten.

**Bergen,
28. februar 2019**

Anneline Vingsgård
Anneline Vingsgård
direktør





II. Introduksjon til verksemd og hovudtal

2.1 Klagenemndssekretariatet

Klagenemndssekretariatet (KNS) blei oppretta som eit felles sekretariat for Konkurransklagenemnda (KKN) og Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA) under Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) og fire nemnder under Kulturdepartementet (KUD): Medieklagenemnda, Stiftelsesklagenemnda, Lotterinemnda og Frivilligregisternemnda. Klagenemndssekretariatet blei oppretta 1. april 2017 og er underlagt etatsstyringa til Nærings- og fiskeridepartementet.

Hovudfunksjonen til Klagenemndssekretariatet er å handtere saksbehandlinga i klageprosessen, altså prosessen frå klaga kjem inn, til ei avgjerd blir send til klagaren. Dette omfattar mellom anna utgreiing av aktuelle juridiske problemstillingar, korrespondanse med og mellom partane og det å skrive utkast til avgjerd. Saka blir lagd fram for den aktuelle nemnda, og avgjerda blir send til klagaren/partane når ho er ferdig behandla.

2.2 Samfunnsoppdrag, visjon, mål og verdier

Klagenemndssekretariatet utarbeidde i 2018 ein strategiplan for 2018–2022. Planen blei presentert for NFD i juni 2018 og for KUD og OED på etatsstyringsmøtet i november 2018.



Samfunnsoppdraget vårt

Handtere klagesaksbehandlinga for dei nemndene organet støttar til kvar tid



Visjonen vår

Profesjonell og fagleg sjølvstendig behandling av klagesaker sikrar rettstryggleiken i klageprosessar



Våre strategiske mål

- Velfungerande organ med høg legitimitet
- Låg sakshandsamingstid
- Kvalitet
- Profesjonalitet



Våre verdier

1. Kompetanse
2. Profesjonalitet
3. Openheit
4. Omsorg

2.3 Nærare om dei strategiske hovudmåla for organet for 2018–2022

1 Velfungerande og effektivt organ med høg legitimitet

Det er heilt avgjerande for å lykkast med formålet om effektivisering av sekretariatsfunksjonen at dei administrative tenestene er like for alle nemndene. Det er på dei administrative tenestene det er mest effektiviseringsgevinstar å hente. Nemndene er svært ulike både når det gjeld kva regelverk dei handhevar, og kva omfang og karakter vedtaka har. Administrativt er dei likevel svært einsarta ved at dei tenestene sekretariatet gir, er dei same for alle nemndene. Desse tenestene er generell saksbehandling, som krev ein god arkivfunksjon, system som gjer dokumentflyten effektiv, ei enkel og etterprøvbar utbetaling av nemndsgodtgjeringar og generelt system som gjer at organet oppfyller dei krava som blir stilte til eit offentleg organ.

Høg legitimitet er viktig for eit organ som Klagenemndssekretariatet. Klagenemndssekretariatet skal sørge for rettstryggleik i klageprosessane og bidra til at klager får eit rett vedtak. Dette kan ha store konsekvensar for den enkelte. Det er derfor ein del av dette strategiske målet at samfunnsoppgåva til Klagenemndssekretariatet er tydeleg for publikum og media, til dømes gjennom nettside og føredragsverksemd.

2 Lågast mogleg saksbehandlingstid med dei tildelte ressursane

Felles for alle nemndene er at tida det tek å behandle sakene, bør vere så kort som mogleg etter at saka er komen inn. Låg saksbehandlingstid er viktig for at klager skal få rask rettsavklaring, slik at klagaren skal kunne få lagt saka bak seg så raskt som mogleg. Lang saksbehandlingstid er negativt for legitimiteten til organet fordi organet ikkje oppfyller samfunnsoppgåva si, som er å sørge for rask rettsavklaring for klagaren og offentlege oppdragsgivarar.

Kort saksbehandlingstid vil i stor grad avhenge av dei tildelte ressursane, som Klagenemndssekretariatet har liten innverknad på. Men ein er i alle prosessar opptekne av å halde saksbehandlingstida så kort som mogleg ut frå dei tildelte ressursane. Nokre viktige stikkord her er kompetente medarbeidarar som kan dei fagfelte nemnda forvaltar, og gode saksbehandlingssystem som gjer at saksbehandlinga glir lett utan unødige mykje tidsbruk og komplikasjonar.

3 Kvalitet på dei juridiske tenestene Klagenemndssekretariatet tilbyr

Kvalitet på det juridiske arbeidet frå sekretariatet er heilt avgjerande for at nemndene skal kunne utføre det som er hovudføremålet med nemndene, nemleg ei rett og fagleg uavhengig vurdering av tilsynsvedtaka. Kvalitet vil seie rett framstilling av bakgrunnen for saka og opplysningane som høyrer til, og ein rett juridisk framstilling av saken. Dette krev høg juridisk kompetanse og ofte lang erfaring hos saksbehandlerane. Kompetanseheving, kvalitetssikring internt og å halde på den erfaringa som organet har tileigna seg, er sentralt.

4 Profesjonalitet i saksbehandlinga

Klagenemndssekretariatet er eit saksførebuaende organ som har plikt til å handtere saksprosessen i samsvar med forvaltningslova og andre regelverk som regulerer saksprosessen på dei ulike rettsfelte.

Det er viktig at Klagenemndssekretariatet gjennomfører saksbehandlingsprosessen utan formelle feil, fordi dette kan få konsekvensar for om vedtaka blir rekna som gyldige dersom dei seinare blir overprøvde i domstolane. Tiltak for å sørge for minst mogleg feil i saksbehandlinga er rask oppfølging av saksbehandlerane ved behov og kvalitetssikring av prosessar og klare rutinar for handtering av prosessane.

Det er også viktig at partane blir møtt med velvillegheit og respekt i behandlingen av klagesaken.

Resultatkjede

1

Ressursar

- 22 999 000 kr i samla tildelt budsjett
- 13,2 årsverk i sekretariatet og 48 nemndsmedlemmer

2

Aktivitetar

- førebu saker, ha kontakt med partane og sørgje for god nok saksopplysning
- skrive innstillingar til nemndavgjerder i seks ulike nemnder og gi raske avklaringsar i spesielt prioriterte saker i KOFA
- skrive avvisingsavgjerder frå sekretariatet
- handtere søksmål mot gebyrvedtak (med ekstern advokat) i KOFA
- handtere krav om innsyn
- setje i verk tiltak for synlegheit
- drive nettsidene, med innkomne saker, avgjerder, omtale av utvalde saker på norsk og engelsk og andre nyheiter
- skrive kvartalsvise nyheitsbrev
- handtere medieførspurnader og gi fråsegner og rettleiing
- halde føredrag
- arrangere den årlege fagkonferansen i KOFA
- delta i lovgivingsarbeid i form av høyringar osv.
- stå for klagebehandling på tvers av ulike departement

3

Produkt

- nemndavgjerder og avvisingsavgjerder i løpet av kort tid – rettskjelder
- dokumentinnsyn
- pressemeldingar og fråsegner i media
- opplæring i regelverket
- høyrings svar

4

Brukareffektar

- rask rettsavklaring / tvisteløysing for partane i kvar enkelt sak
- rettsavklaring i vidare forstand for innkjøparar, leverandørar og andre
- openheit om og kontroll av forvaltninga sine disposisjonar til nytte for forvaltninga sjølv, politikarar, media og skattebetalarar
- rettstryggleik for dei som har fått eit vedtak mot seg av et statleg tilsynsorgan

5

Samfunnseffektar

- Klagenemndssekretariatet sørgjer for rettstryggleik
- Klagenemndssekretariatet effektiviserer handhevinga av innkjøpsregelverket og bidreg med det til i) realisering av føremålet i regelverket om å sikre mest mogleg effektiv bruk av samfunnets ressursar, og ii) til at det offentlege opptre med stor integritet, slik at allmenta har tillit til at innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte.
 - i uprioriterte saker: preventiv effekt, grunnlag for eventuell kompensasjon for regelbrot
 - i prioriterte saker: opprettande effekt
- Ved tvistar representerer behandling nemnder eit rimelegare, raskare og mindre konfliktfylt alternativ til tvisteløysing enn domstolsbehandling.
- Før tvistar oppstår, kan omfattande praksis om rettslege problemstillingar løyse usemje mellom partane før det blir konflikt, og dette sparer partane for tid som kan brukast til anna produktivt arbeid.
- Avgjerdene gir betre grunnlag for riktig rettsbruksmåte både hos innkjøparar og andre som nyttar regelverket.
- Tillit og openheit i forvaltninga er eit mål.
- Kvalifisert etterprøving av innkjøp gir media, politikarar og andre eit betre grunnlag for å kontrollere korleis forvaltninga utøver makta si.

2.4 Resultatkjede som viser fram viktige samanhengar

Det er samanheng mellom ressursar og resultat gjennom året. I figuren på side 10 visualiserer vi korleis Klagenemndssekretariatet brukar tildelte midlar for å oppnå mest mogleg effekt. Effektane for samfunnet, brukarane og politikarar og lovgivarar. Det er ingen eintydig samanheng mellom aktivitetar og effektar. Modellen nedanfor skildrar korleis Klagenemndssekretariatet ved dei ulike aktivitetane våre gjer om innsatsfaktorane til produkt og tenester som er retta mot eksterne brukarar og samfunnet. Resultatkjeda formidlar essensen i verksemda i Klagenemndssekretariatet og viser samanhengen mellom innsats, aktivitetar og resultat.

2.5 Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA)

Klagenemnda for offentlege innkjøp (KOFA) er eit uavhengig klageorgan som er oppretta av Nærings- og fiskeridepartementet. KOFA gir rådgivande fråsegner i saker som gjeld brot på innkjøpsregelverket. I tilfelle der det er gjennomført eit ulovleg direkte innkjøp, har KOFA også myndighet til å påleggje brotsgebyr. KOFA har i dag ti medlemmer og blir leidd av tidlegare høgsterettsdommar Georg Fredrik Rieber-Mohn.

2.6 Konkurransklagenemnda (KKN)

Konkurransklagenemnda er ein uavhengig klageinstans for alle vedtak fatta av Konkurransetilsynet, bortsett frå vedtak etter pristiltakslova. Vedtak om føretakssamanslutningar, gebyrvedtak som følgje av ulovleg samarbeid og misbruk av dominans, og andre vedtak, inkludert klager på avslag om innsyn, skal klagast inn til Konkurransklagenemnda. Konkurransklagenemnda har åtte medlemmer og blir leidd av advokat Karin Fløistad.

2.7 Medieklagenemnda

Medieklagenemnda er ei uavhengig klagenemnd som er oppretta av Kulturdepartementet. Medieklagenemnda behandlar klager på vedtak som er fatta av Medietilsynet i medhald av kringkastingslova § 2-14, biletprogramlova, lov om openheit om eigarskap i medier, forskrift om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium, forskrift om innovasjons- og utviklingstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium, forskrift om tilskot til samiske aviser og forskrift om tilskot til lokale lyd- og bildemedium. I tillegg behandlar Medieklagenemnda klager over Norsk filminstitutt og dei regionale filmsentera sine vedtak etter regelverket om tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk. Medieklagenemnda har fem faste medlemmer og tre varamedlemmer. Nemnda blir leidd av Sigve Gramstad.

2.8 Stiftelsesklagenemnda

Stiftelsesklagenemnda er ei uavhengig klagenemnd som er oppretta av Kulturdepartementet. Klagenemnda behandlar klager på vedtak som er fatta av Stiftelsestilsynet etter stiftelseslova, forvaltningslova, samvirkelova, arvelova og dekningslova. Stiftelsesklagenemnda har tre faste medlemmer og tre personlege varamedlemmer. Nemnda blir leidd av tingrettsdommar Hanne Ombudstvedt.

2.9 Lotterinemnda

Lotterinemnda er ei uavhengig klagenemnd som er oppretta av Kulturdepartementet. Lotterinemnda behandla klager på vedtak etter lotterilova som er fatta av Lotteri- og stiftelsestilsynet i første instans. I tillegg behandlar klagenemnda vedtak som Lotteri- og stiftelsestilsynet har fatta etter forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar. Lotterinemnda har tre faste medlemmer og tre personlege varamedlemmer. Nemnda blir leidd av tingrettsdommar Elisabeth Wittemann.

2.10 Frivilligregisternemnda

Frivilligregisternemnda er ei sjølvstendig klagenemnd som er oppretta av Kulturdepartementet. Nemnda behandlar saker som er knytte til registrering i Frivilligregisteret. Frivilligregisternemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Nemnda blir leidd av Elisabeth Wittemann.

Nemndene som er underlagde Kulturdepartementet, handterer reglane som er knytte til lotterilovgivinga, frivilligregisterlovgivinga, medielovgivinga og stiftelseslovgivinga. Alle desse nemndene er mindre nemnder målt i sakstilfang samanlikna med klagenemnda for offentlege innkjøp. Konkurransklagenemnda vil ha få saker, men dei sakene som kjem inn, vil

vere ressurskrevjande. Nemndene er ikkje slått saman – det er sjølve sekretariatet for dei ulike nemndene som har fått eit samla felles organ.

Klagenemndssekretariatet er eit saksførebuaende organ utan økonomisk eller juridisk eigeninteresse i sakene. Grunnverdiane kvalitet, effektivitet og profesjonalitet er ein raud tråd gjennom alt arbeid som blir utført.

2.11 Energiklagenemnda

Det er lagt til grunn i høyringsutkastet om opprettinga av ei ny energiklagenemnd at sekretariatet til nemnda skal liggje til Klagenemndssekretariatet. Når nemnda skal etablerast, er framleis usikkert.

2.12 Fagområde for alle nemndene

Fagområde	Tema for klagesak
Klagenemnd for offentlege innkjøp	Lov om offentlige anskaffingar med tilhøyrande forskrifter
Konkurransklagenemnda	Konkurranselova med tilhøyrande forskrifter, EØS-avtalen artikkel 53 og 54
Stiftelsesklagenemnda	Stiftelseslova, samvirkelova, dekningslova og arvelova
Lotteriklagenemnda	Lov om Lotteri, forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar, forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå spilleoverskotet til Norsk Tipping, forskrift om bingo, forskrift om grasrotandel, Betalingsformidlingsforskrifta, forskrift om lotteritilsynet og lotteriregisteret.
Frivilligregisternemnda	Lov og forskrift om register for frivillig verksemd, forskrift om grasrotandel
Medieklagenemnda	Kringkastingslova, forskrift om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium, biletpogramlova, forskrift om tilskot til lokale lyd- og bildemedium, forskrift om tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk, forskrift om tilskot til samiske aviser, lov om openheit om eigarskap i medier og forskrift om innovasjons- og utviklingstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium.


2.13 Omtale av organisasjonen og leiinga i Klagenemndssekretariatet

Klagenemndssekretariatet blir leidd av Anneline Vingsgård, som blei tilsett som direktør i oktober 2017. Nestleiar er Jonn Sannes Ramsvik, og Helen Spilde er økonomi- og personaleleiar.


Klagenemndssekretariatet er underlagt etatsstyringa til Nærings- og fiskeridepartementet,

slik det går fram av tabellen, men Kulturdepartementet, som eig fire av nemndene, er også involvert i etatsstyringa av organet. Internt har sekretariatet vore organisert slik at kvar nemnd har sin nemndsansvarleg, slik at det alltid har vore meir enn éin saksbehandlar som jobbar med kvar nemnd. Ei slik organisering blei vald for å sikre at det alltid er ein saksbehandlar som er ansvarleg kontaktperson overfor nemnda og leiaren, og at det blir skapt eit fagmiljø.

KLAGENEMNDSSEKRETARIATET



Klagenemndssekretariatets organisering:



Tal på tilsette, årsverk og sjukefråvær

13

Tal på tilsette per
1. januar 2018

15

Tal på tilsette per
31. desember 2018

0

Gjennomtrekk i %

3,79


Sjukefråvær i %

Gjennom det siste året har ingen tilsette slutta i organisasjonen. Det har gitt ei stabil drift av organet. Sjukefråveret har auka frå 3,62 prosent i 2017 til 3,79 prosent i 2018, men det blir rekna som stabilt.

Det er gjennomført tilrettelegging og interne tiltak for å halde sjukefråværet på eit akseptabelt nivå. Målet har gjennom året vore å ha eit sjukefråvær på under 5 prosent.


Alderssammansetning av dei tilsette i Klagenemndssekretariatet i 2018

Gjennomsnittleg alder blant dei tilsette er 35 år. Talet på tilsette var på 15 personar, og talet på årsverk var på 13,2, mot 11,9 i den same perioden i 2017. Éin tilsett var i svangerskapspermisjon i året som har gått.



Kjønnsfordeling

Gjennom rekrutteringsprosessane i løpet av året, har prosentdelen menn auka.



2.14 Lokale

Klagenemndssekretariatet held til i moderne lokale i Zander Kaaes gate 7, sentralt i Bergen. Bygget har gode fellestenester og tilfredsstillende alle dei behova organet har no.

2.15 Inkluderande arbeidsliv, verneombod og bedriftshelseteneste

Klagenemndssekretariatet har inngått avtale om inkluderande arbeidsliv (IA-avtale). Det er også vedteke ein IA-handlingsplan for å sikre at organet etablerer eit godt og forsvarleg arbeidsmiljø for dei tilsette. Dei tilsette har vore med på å kome med forslag til tiltak gjennom ein prosess som dels har vore gjennomført av Nav i Bergen. Tiltak som kan nemnast, er vektlegging av muskel- og skjelettskadar ved oppfølging av naprapat/fysioterapeut og trening i arbeidstida. Gjennom 2018 hadde dei tilsette også tilbod om yoga. Organet har også gjennomført seminar for alle tilsette om mental helse, for å gi informasjon og rettleiing og for å snakke saman og diskutere temaet internt.

Det er vedteke at organet som ein del av dei forpliktingane som går fram av IA-avtalen, i ein periode skal ta imot praksiskandidatar frå Nav. I 2018 har organet hatt ein praksiskandidat i arbeid, som resulterte at vedkomande gjekk over i fast arbeid etter at praksisperioden var over. Ved årsslutt var IA-avtalen ferdig, men Klagenemndssekretariatet har vedteke vidare bruk av den utvida retten til eigenmeldingsdagar.

Samarbeidet mellom leiinga og verneombodet har vore godt gjennom året, og saman har vi arbeidd for ein trygg og godt tilrettelagd arbeidsplass, slik at sjansen for skader blir redusert. Bedriftshelsetenesta har det vore eit tett samarbeid med gjennom heile 2018. Det har vore sett inn tiltak for å førebyggje sjukefråværet, og alle tilsette fekk i haust tilbod om influensavaksine. Bedriftshelsetenesta skal støtte



arbeidsgivaren, arbeidstakarane og verneombodet i arbeidet med å skape sunne og trygge arbeidsforhold. Samarbeidet mellom Klagenemndssekretariatet og bedriftshelsetenesta er forankra i arbeidsmiljølova og forskrift om organisering, ledelse og medverking. Målet med bedriftshelsetenesta er at ho skal fungere som ein god støttespelar og rådgivar for arbeidsgivaren og arbeidstakarane.

Det blei i haust gjennomført ei trivselsundersøking der dei tilsette gav tilbakemelding om at Klagenemndssekretariatet er ein triveleg arbeidsplass der ein tek vare på kvarandre. Det var også veldig positive tilbakemeldingar på leiinga i organet. Dei tilsette gir tilbakemelding om høg trivsel, stort arbeidspress til tider, men høg motivasjon for å få utført eit godt arbeid for organet.

Det har vore langtidssjukemelde i 2018, men sjukefråværet er likevel på under 4 prosent, og dette er vi veldig godt nøgde med. Korttidsfråværet er lågt. Det har aktivt vore sett inn trivselstiltak for å byggje ein felles organi-

sasjonskultur med vekt på trivsel. Trass i stor arbeidsmengd og nye utfordrande arbeidsoppgåver for dei tilsette har bemanningssituasjonen i 2018 vore særstabil, og ein har klart å halde på dei tilsette i ein periode med store endringsprosessar.

2.16 Økonomi i Klagenemndssekretariatet

Årsrekneskapen til Klagenemndssekretariatet blir ført i samsvar med standard kontoplan for staten. Sjå elles prinsippnote i årsrekneskapen.

Samla tildeling over postane 1-99	2018	2017
Budsjettramme i samsvar med tildelingsbrev for året	18 195 000	17 676 000
Overførte midlar frå 2018	889 000	132 000
Lønsoppgjer 2018	365 000	100 000
Rammeoverføring frå Kulturdepartementet	900 000	
Endringar i statsbudsjettet hausten 2018	650 000	
Samla budsjettramme for 2018 - kap. 912 post 01	20 999 000	17 908 000
Samla budsjettramme for 2018 - kap. 912 post 22	2 000 000	
Samla budsjettramme for 2018 - kap. 0912	22 999 000	



Nøkkeltal i årsrekneskapen for Klagenemndssekretariatet

Som tabellen nedanfor viser, utgjør lønsutgiftene størsteparten av budsjettet, med 70,2 prosent. Lønstala for Klagenemndssekretariatet inkluderer utbetaling av honorar til dei ulike nemndene på 3,2 millionar kroner. Husleige og kostnader til knytt til drift og leige av eigedom utgjør 7,5 prosent av driftsutgiftene i 2018. Kjøp av framandtenester som arkiv og it-tenester frå Konkurransetilsynet og innføring av ny nettside, erfaringsarkiv og nytt tidsregistreringssystem utgjør 10,7 prosent av dei totale driftsutgiftene.

Dei samla lønsutgiftene til Klagenemndssekretariatet utgjør 15 320 487 kroner. Av dette utgjør 282 784 kroner refusjonar av sjukepengar og refusjon av foreldrepengar fordi ein person har vore i svangerskapspermisjon. Samla driftsutgifter for 2018 utgjør 21 809 061 kroner.

Lønsutgiftene per årsverk er auka frå 2017 til 2018 på grunn av at Klagenemndssekretariatet frå 2018 også står for utbetaling av honorar til alle nemndsmedlemmer i KUD-nemndene. Også utbetaling i honorar til Konkurransklagenemnda aukar lønsutgiftene per årsverk. Vi har derfor i oppsettet teke med eit nøkkeltal som viser lønsutgifter per årsverk utan honorarutbetalingar.

Konkurransklagenemnda

Kapittel 0912 post 22	2018
Tal på nemndsmedlemmer	8
Samla tildeling på post 22	2 000 000
Driftsutgifter	1 764 049

Frå 2018 er utgiftene til Konkurransklagenemnda førte på ein eigen post 22.

Kapittel 0912	2018	2017
Tal på årsverk	13,2	11,9
Samla tildeling	22 999 000	17 908 000
Driftsutgifter	21 809 061	16 462 735
Utnyttingsgrad	94,8 %	91,9 %
Lønsdel driftsutgifter	70,2 %	74,6 %
Lønsutgifter per årsverk	1 160 643	921 679
Tal på nemndsmedlemmer i alle nemnder	48	
Lønsutgifter per årsverk fråtrekt honorarutbetalingar til nemndsmedlem	881 246	

Det er først i 2018 at Klagenemndssekretariatet har betalt ut nemndsgodtgjering til KUD-nemndene.



III. Aktivitetar og resultat i 2018

3.1 Overordna om aktivitetar og resultat

Klagenemndssekretariatet hadde mål om å etablere organet administrativt og sikre god saksavvikling i alle nemndene i 2018. Organet blei nyetablert i 2017, og organet hadde framleis ei rekkje aktivitetar som måtte gjennomførast før etableringsfasen kunne reknast som gjennomført. Her vil vi trekkje fram ny nettside, som var avgjerande for at organet skulle ha eit einskapleg uttrykk for publikum, og for å sikre open informasjon om avgjorde og innkomne saker til dei ulike nemndene. Den nye nettsida var på plass i desember 2018. Timeregistreringssystem og erfaringsarkiv er andre nye verktøy som er viktig for styring av verksemda og for å gjere organet mindre sårbart for tap av kompetanse.

Omfanget av saksbehandling har vore svært godt i alle nemndene. Konkurransklagenemnda har hatt det første året sitt med klagesaker. Nemnda har avgjort 7 klagesaker, medrekna eitt gebyrvedtak for overprøving. Konkurransklagenemnda tok avgjerd i EI-proffen innanfor tidfristen på 6 månader, og det var nødvendig å prioritere ressursar til å handtere den saka og dei andre på ein forsvarleg måte. Saksmengda

til Konkurransklagenemnda blei vesentleg større i 2018 enn det ein hadde rekna med, og vi legg til grunn at dette vil halde fram i 2019.

Målet for KOFA var å hente inn etterslep, slik at saksbehandlingstida ville kome ned på eit akseptabelt nivå. Dette har vi ikkje klart med dei ressursane organet har tilgjengeleg, trass i ei klar prioritering av ressursar til KOFA. Saksbehandlingstida har auka, og det er gjort opp færre saker enn venta ved inngangen av året. Årsaka til at ein ikkje har oppnådd målet, er at sekretariatet har for få ressursar til å hente inn det etterstelet organet opparbeidde seg i 2016 og 2017. KOFA opplevde ein vesentleg auke i talet på innkomne saker i 2016 og 2017 som organet har behandla i 2018. I tillegg har KOFA behandla ei rekkje gebyrsaker i 2018 som krev meir ressursar enn ei vanleg klagesak. Trass i ei intern prioritering av ressursar til KOFA, var det ikkje mogleg å korte ned saksbehandlingstida. Årsaka er at organet som heilskap ikkje har nok ressursar.

Målet for nemndene som er underlagde Kulturdepartementet, var å halde ein jamn og god produksjon, og å halde høg kvalitet på dei sakene og prosessane som organet handterer for dei ulike nemndene. Sekretariatet har



hatt god produksjon for alle nemndene, og dei fleste KUD-nemndene held seg innanfor ei saksbehandlingstid på under 3 månader. Saksbehandlingstida har likevel auka for Stiftelsesklagenemnda sjølv om sekretariatet har brukt vesentleg meir ressursar på Stiftelsesklagenemnda enn det som blei lagt fram då sekretariatet tok over arbeidet for denne nemnda 1. april 2017. Bakgrunnen er at Stiftelsesklagenemnda har behandla nokre saker av vesentleg større omfang enn det ei vanleg stiftelsessak krev. Sjølv om saksmengda ikkje har auka for denne nemnda, har det gitt stort utslag på saksbehandlingstida at sekretariatet måtte handtere ei kompleks og ressurskrevjande styreavsetjingssak.

Ressursane som skulle tildelast til KUD-nemndene, blei brukte opp tidleg på hausten, og tenestene til KUD-nemndene måtte derfor redusert vesentleg resten av året. Dette vil kunne føre til auka saksbehandlingstid for KUD-sakene i 2019.

Alle KUD nemndene forvaltar regelverk som Klagenemndssekretariatet ikkje hadde kompetanse innanfor då sekretariatsarbeidet blei overført i 2017. Vi har lagt vekt på å auke kompetansen hos nøkkelmedarbeidarar, og vi ser at dette har gitt gode resultat i 2018. Det er likevel framleis

behov for å auke kompetansen for at nemndsleiarane skal få tenester på det nivået dei forventar. Når kompetansen blir betre og medarbeidarane får meir erfaring med handtering av sakene, vil effektiviteten også auke. Alle nemndene har i 2018 lagt vekt på korleis kvaliteten på tenestene kan auke. Gjennom dialog med nemndsleiarar, nemndsmedlemmer og tilsynsstyresmaktene, som gir vedtaka som skal overprøvast, har ein forsøkt å kartleggje korleis kvaliteten på sekretariatsarbeidet kan auke, og det har vore sett i gang tiltak i 2018 som vi ser har gitt konkrete resultat. Eit vellykka tiltak har vore, gjennom dialog med Konkurransetilsynet og Lotteri- og stiftelsestilsynet, å finne måtar for sending av dokument som kan gjere arbeidet i Klagenemndssekretariatet vesentleg meir effektivt.

Overordna sett har Klagenemndssekretariatet nådd mange av måla for 2018, men ikkje alle. Alle nemndene har hatt god saksavvikling, men organet har ikkje hatt nok saksbehandlingsressursar til å få ned saksbehandlingstida i KOFA. Det trengst framleis kompetanseheving og meir erfaring innanfor dei nemndene Kulturdepartementet styrer, for at vi skal kunne oppfylle måla til organet når det gjeld effektivitet og kvalitet.

3.2 Nøkkeltal

Nemnd	Etterslep UB 2018	Nye innkomne klagesaker i 2018	Avvikla klagesaker i 2018	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid dagar
KOFA	130	138	117	rådgivande saker: 331 dagar prioriterte rådgivande saker: 63 dagar
Konkurransesklagenemnda	2	9	7	92
Stiftelsesklagenemnda	11	17	19	229
Lotterinemnda	18	48	41	102
Frivilligregisternemnda	6	10	6	104
Mediesklagenemnda	10	21	16	98

3.3 Overordna om ressurs-prioriteringar i 2018

Ressursane har vore styrte etter den modellen for finansiering av organet som er fastsett av Nærings- og fiskeridepartementet. KUD finansierer arbeid for to juristar og betalar ein viss del av dei administrative kostnadene for organet. NFD finansierer arbeidet for KOFA og KKN. Det var ingen føringar i tildelingsbrevet for 2018 om korleis ressursane mellom KOFA og KKN skulle fordelast, men NFD blei jamleg informert om dei prioriteringane som blei gjorde i løpet av året.

Som det går fram av tabellen nedanfor, blei KOFA prioritert med 6,4 årsverk, medan KKN brukte 1,7 årsverk. Det var nødvendig å prioritere 1,7 årsverk til KKN som følgje av auka saksmengd og omfanget på dei sakene som kom inn. Konkurransklagenemnda er eit forvaltningsorgan med domstolskompetanse som gjer vedtak som er svært viktige for partane. Vedtaka gjeld ofte høge gebyr, og det er saker av stort omfang både i talet på dokument og juridisk.

Konkurransklagenemnda har vore under etablering og har hatt behov for eit sekretariat som saman med nemnda har funne løysingar på både dei praktiske og prosessuelle utfordringane som har vist seg gjennom året, i tillegg til juridisk støtte. Det gode og tette samarbeidet mellom nemnd og sekretariat har vore avgjerande for det gode resultatet som nemnda kan levere det første året.

Som det går fram i tabellen, blei det ressursmessig tildelt for mykje ressursar til KUD i 2018 i forhold til dei fastsette to stillingane. Bakgrunnen for dette var at to store saker i høvesvis Lotterinemnda og Stiftelsesklagenemnda måtte handterast/fullførast i 2018.¹ Det er lite tenleg ressursprioritering å avslutte arbeidet med ei sak ein har begynt på, og det må derfor vere rom for ei viss overskriding av dei fastsette rammene for å sikre ei forsvarleg saksbehandling.

Totalt sett fekk Klagenemndssekretariatet auka ressurstilgang det siste kvartalet i 2018, med

to mellombelse vikarar som tidlegare ikkje har arbeidd innanfor rettsfelta til organet. I fjerde kvartal skulle det ha vore 12 saksbehandlarar i arbeid, men sjukemelding gjorde at dette ikkje lét seg gjennomføre.

Ressursbruk for sakshandsamarar per nemnd i 2018

	Årsverk totalt for året
Forbruk av ressursar i KUD-nemndene	2,3
Budsjettert ressursbruk i KUD-nemndene	2
Avvik for ressursbruk KUD-nemnder	0,3
Forbruk av ressursar i KOFA	6,4
Budsjettert ressursbruk i KOFA	7,0
Avvik for ressursbruk i KOFA	0,6
Forbruk av ressursar i KKN	1,7
Budsjettert ressursbruk i KKN	1,3
Avvik for ressursbruk i KKN	-0,5
Reelt tal årsverk totalt i KNS	10,4

3.4 Aktivitet i Klagenemnda for offentlege innkjøp i 2018

KOFA er den nemnda som har størst sakstilstrøyming i løpet av året i Klagenemndssekretariatet. KOFA er i motsetning til dei andre nemndene eit tvisteløysingsorgan. Anten har ein offentlig oppdragsgivar og ein leverandør blitt ueinige i samband med eit innkjøp, eller så er det nokon som meiner at den offentlege oppdragsgivaren i strid med regelverket har unnlate å kunngjere eit innkjøp (ulovlege direkte innkjøp). Det har mykje å seie for både den offentlege oppdragsgivaren og klagaren at

¹ Klage frå Lyonesse Norway AS og Lyonesse Europe AG over vedtak frå Lotteri- og stiftelsestilsynet om å stanse all verksemd i Noreg fordi verksemda er eit ulovleg omsetningssystem (pyramidesak), og klage frå Romanifolkets/taternes kulturfond over vedtak frå Lotteri- og stiftelsestilsynet om å avsetje tre medlemmer i styret.

tvisten blir løyst raskt, slik at begge partar kan leggje saka bak seg. Det er derfor svært viktig for legitimiteten til nemnda at saksbehandlingstida er låg.

Klagenemndssekretariatet har klart å halde låg saksbehandlingstid i 2018 på prioriterte saker – om lag 2 månader.


I 2018 auka derimot saksbehandlingstida på uprioriterte saker i KOFA, slik at gjennomsnittleg saksbehandlingstid for alle oppgjorde saker er om lag eitt år. Det at saksbehandlingstida er så lang, er svært negativt for omdømmet

til KOFA. Årsaka til at saksbehandlingstida har auka, er at Klagenemndssekretariatet har for få saksbehandlingsressursar til å kunne setje av nok ressursar til KOFA, slik at etterslepet som bygde seg opp i 2016 og 2017, kan reduserast. Saksbehandlingstida vil auke i 2019 om ikkje organet får tilført meir ressursar.

Hovudtrekka for KOFA er at talet på innkomne saker i 2018 har gått tilbake til det nivået KOFA hadde i åra 2013 til 2015. Berre 138 saker kom inn i 2018, og samanlikna med 2016 og 2017, då KOFA fekk inn om lag 200 saker i året, er dette ein vesentleg nedgang.

Nemnd	Restansar per 31.12	Nye innkomne saker 2018	Avviklede saker i 2018	Gjennomsnittleg saksbehandlingstid
KOFA	130	138	117	331 dagar (rådgivande saker)

Utvikling i saksbehandlingstid KOFA




Viktige tal for verksemda

KOFA fekk inn totalt 138 saker og avgjorde totalt 117 saker i 2018. Sakene fordeler seg slik:

Innkomne klagesaker	138
Prioriterte rådgivande saker ²	32
Upprioriterte rådgivande saker ³	91
Gebysaker	15
Avgjorde klagesaker	117
Tal på saker med regelbrot	41
Tal på saker utan regelbrot	40
Tal på saker som er trekte av klagaren	9
Tal på avviste saker	24
Tal på saker som har fått gebyr for regelbrot	3

Saksavvikling KOFA 2007-2018



2 Prioriterte saker er saker der oppdragsgivaren ventar med å inngå kontrakt til KOFA har avgjort saka.

3 Upprioriterte saker er saker der oppdragsgivaren har inngått kontrakt.



Utviklingstrekk i sakene

2018 har vore prega av ei rekkje saker med vanskelege grensedragingsspørsmål. Dette er etter vårt syn positivt fordi det reflekterer at mindre tvilsame saker blir løyste mellom partane. Det er naturleg å sjå dette i samanheng med nedgangen i prosentdelen avviste saker frå tidlegare år. I 2018 var prosentdelen avviste saker om lag 20 prosent, medan dette talet tidlegare år stort sett har lege på mellom 25 og 30 prosent.

Saker om evalueringsmetodikk

Eit av typetilfella på saker med vanskelege grensedragingsspørsmål er saker der det har vore strid om måten oppdragsgivaren evaluerer tilboda på. Dette var til dømes temaet i dei sameinte sakene 2018/329, 2018/340 og 2018/341, der det sentrale spørsmålet først og fremst var om oppdragsgivaren hadde høve til å rette ein feil gjennom å endre måten tilboda blei evaluerte på, eller om feilen var av ein slik karakter at konkurransen skulle ha vore avlyst. Den første evalueringa var ikkje gjennomført på ein måte som identifiserte og premierte relevante skilnader mellom dei tilbydde produkta. Ved avgjerda av dette spørsmålet delte klagenemnda seg i eit fleirtal og eit mindretal.

Avgjerder om forståinga av det nye regelverket


Nemnda har også avgjort ein del saker om korleis regelendringane i 2016-forskrifta er å forstå. Som døme kan ein nemne KOFA-avgjerda i sak 2017/75. Spørsmålet i saka var om ein oppdragsgivar i ein tilbodskonkurranse hadde høve til å akseptere at ein leverandør knytte til seg ein underleverandør som ikkje var ein del av det opphavlege tilboda. Dette blei gjort for å tilfredstille eit kvalifikasjonskrav om teknisk godkjenning. Klagenemnda konkluderte med at oppdragsgivaren ikkje hadde høve til dette.

Ei anna sak som kan nemnast i samband med dette, er sak 2017/104. Ein tilbydar hadde ikkje lagt ved dokumentasjon på at eit produkt var CE-merkt. Spørsmålet i saka var om det utgjorde eit brot på regelverket at oppdragsgivaren sjølv

henta inn denne dokumentasjonen. Sjølv om ordlyden i forskrifta § 23-5 isolert sett berre opnar for at oppdragsgivaren kan be leverandøren om å supplere tilboda, meinte nemnda at dette burde vere lovleg i det aktuelle tilfellet.

Avgjerder om behovet til allmenta

Av avgjerder frå 2018 av meir prinsipiell karakter kan vi nemne avgjerda i sak 2017/131 om Norges Idrettsforbund. Den sentrale problemstillinga i saka var korleis ein skulle forstå vilkåret om at organet skulle vere «opprettet for å tjene allmennhetenes behov». Sjølv om det er ei rekkje rettskilder som seier noko om kva som tilseier at vilkåret er oppfylt, er det få kjelder som seier noko om kva som tilseier at vilkåret ikkje er oppfylt. Nemnda framheva at det ut frå praksis frå EU-domstolen var klart at offentleg finansiering ikkje i seg sjølv er tilstrekkeleg for å konstatere at regelverket kjem til bruk. Sjølv om den offentlege støtta viser at staten finn aktiviteten til idrettsforbundet samfunnsstenleg, er idrettsforbundet ein medlemsorganisasjon som primært skal fremje interessene til medlemmene. Konklusjonen frå nemnda i saka var at Norges idrettsforbund ikkje er omfatta av regelverket om offentlege innkjøp. Av andre avgjerder om dette temaet kan vi nemne sak 2017/71 om Stiftelsen Protect Sápmi og sak 2017/147 om Norges Sjømatråd AS.



Vedtak om å gje gebyr for regelbrot

I 2018 fikk KOFA inn 15 saker om ulovlege direkte innkjøp der det var høve (altså der ein ikkje utan vidare kunne leggje til grunn at innkjøpet var sett i verk før dei nye reglane blei sette i kraft) til å gje gebyr for brot på regelverket. Nemnda gav tre gebyr for ulovlege direkte innkjøp. For to av vedtaka er søksmålsfristen gått ut og gebyra betalte inn, men KOFA er saksøkt i saka mot Norges Sjømatråd AS, sak 2017/147. KOFA engasjerte advokat Arne Torsten Andersen i Kluge som prosessfullmektig. Søksmålet for Oslo tingrett har i etterkant blitt trekt av Norges Sjømatråd AS.

Administrative forhold

Bjørn O. Berg blei oppnemnd som erstattar for Arve Rosvold Alver. Bjørn O. Berg er oppnemnd for perioden 1. november 2018 til 30. juni 2019.

Eitt plenumsmøte blei halde i juni 2018, og der la ein vekt på korleis kvaliteten på tenestene frå sekretariatet kan bli betre. Klagenemndssekretariatet har elles sendt ut fire nyheitsbrev og halde KOFA-konferansen 2018, som hadde meir enn 400 deltakarar. KOFA har sidan 2006 arrangert ein fagkonferanse for å få KOFA og avgjerdene til KOFA fram i lyset. Konferansen er med det ein av dei største innanfor offentlege innkjøp i Noreg. Til liks med i fjor blei konferansen halden


på Scandic Flesland Airport hotell. I 2018 fekk ein mellom anna høyre to innlegg frå Michael Bows-her QC, advokat og gjesteprofessor ved Dickson Poon School of Law, King's College i London. Sekretariatet bidrog også med eigne innlegg. Sekretariatet har fått gode tilbakemeldingar frå deltakarane på konferansen.

3.5 Konkurransesklagenemnda

Konkurransesklagenemnda er klageinstans for Konkurransetilsynet etter lov 5. mars 2004 nr. 12 om konkurranse mellom føretak og kontroll med føretakssamanslutningar. Klageordninga blei sett i kraft 1. april 2017. Alle klager på vedtak fatta av Konkurransetilsynet skal no behandlast av Konkurransesklagenemnda. Medlemmene i Konkurransesklagenemnda blei oppnemnde i statsråd 31. mars 2017.

Konkurransesklagenemnda har desse medlemmene: Karin Fløistad (leiar), Harald Evensen, Elisabeth Styrvold Wiggen, Elin Moen, Tore Lunde, Ronny Gjendemsjø, Jan Yngve Sand og Linda Orvedal. Nemndleiaren er utnemnd som embetsmann i ei åremålsstilling på seks år. Åremålet kan fornyast med éin periode. Dei andre medlemmene er oppnemnde for fire år og kan oppnemnast på nytt.

	Tal på saker i 2018	Heimel
Saker avslutta	7	
Ikkje avslutta saker	2	
Sum	9	
Saker avslutta med vedtak, fordelte på saksforhold		
Klage på vedtak om gebyr for brot på konkurranselova § 10	2	Konkurranselova § 10
Krav om dekning av sakskostnader	2	Forvaltningslova § 36
Klage på avslag om krav om innsyn	4	Offentleglova og forvaltningslova
Klage på vedtak om pålegg av meldeplikt	1	Konkurranselova § 18



Konkurransesklagemennda fekk til saman inn 9 klagesaker i 2018, og 7 blei avslutta.

Av desse gjaldt to av sakene⁴ klage på vedtak frå Konkurransetilsynet om å gi gebyr for regelbrot. Saka er registrert som to saker fordi fire av klagarane hadde felles representasjon og leverte inn ei felles klage, og dei to andre klagarane hadde også felles representasjon og leverte inn ein samla klage. Konkurransesklagemennda gjorde likevel eitt felles vedtak som omfatta alle klagarane. Dette var ei stor materiell sak for Konkurransesklagemennda i 2018. Ho tok mykje ressursar både i nemnda og i sekretariatet.

Konkurransesklagemennda fann, til liks med Konkurransetilsynet, at partane hadde brote konkurranselova § 10 i form av eit ulovleg anbudssamarbeid, men reduserte gebyra vesentleg. Klagene blei dermed delvis tekne til følgje. Konkurransesklagemennda klarte å behandle klagen innanfor ein periode på seks månader etter at klagen kom inn, jf. konkurranselova § 39 andre ledd. Vedtaket blei ikkje anka vidare til Gulating lagmannsrett, som er tvunge verneting for vedtak i nemnda.

Som følgje av at Konkurransesklagemennda tok klagene delvis til følgje, fremja partane også

krav om dekning av sakskostnader, jf. forvaltningslova § 36. Partane fekk dekt delar av krava om dekning av sakskostnader. Dei fire partane som er representerte ved advokatfirmaet Thommessen, klaga på avgjerda frå nemnda om berre delvis dekning av sakskostnadene til Nærings- og fiskeridepartementet 11. januar 2019.

Alle vedtak Konkurransesklagemennda gjorde i 2018, var samrøystes, med unntak av eitt vedtak.

Dette gjeld sak 2018/473, som var ei innsynsklagesak frå Telenor i samband med avslag på innsyn i diverse dokument, sett i samanheng med vedtak V/2018-20 frå Konkurransetilsynet («Telenor-saka»). Dissens hadde ikkje noko å seie for konklusjonen i saka. Denne saka blei elles behandla av ei setjenemnd og ikkje av dei faste medlemmene i nemnda. Bakgrunnen for dette var at nemnda ville unngå eventuelle habilitetskonfliktar ved ei eventuell seinare klage frå Telenor i Telenor-saka. Settenemnda var sett saman av Finn Arnesen, Halvard Haukeland Fredriksen og Elisabeth Wittemann. I Klagenemndssekretariatet blei saka handtert av to saksbehandlarar som ikkje seinare skal ha noko å gjere med Telenor-saka. Dette blei gjort for å unngå eventuelle habilitetskonfliktar ved

4 EP Contracting AS, El-Proffen AS, Arkel Asker og Bærum AS, Hoel Elektro AS, Røa Elektriske AS klaga over vedtaket frå Konkurransetilsynet om brot på konkurranselova § 10 om ulovleg samarbeid.

ei seinare klage frå Telenor på Klagenemndssekretariatets leder og andre tilsette.

Konkurransklagenemnda gjorde også vedtak på klage om pålegg om meldeplikt, jf. konkurranselova § 18 i sak 2018/363. Så langt nemnda kjenner til, er eit slikt pålegg ikkje tidlegare blitt klaga på, og dette vedtaket er derfor det første vedtaket som vurderer rettsnorma for pålegg om meldeplikt. Konkurransklagenemnda stadfesta vedtaket frå Konkurransetilsynet.

Av dei sju sakene som er avslutta, er to av sakene sakskostnadssaker som ikkje er klagesaker. Av dei fem klagesakene nemnda har behandla, har klagenemnda stadfesta vedtaket frå Konkurransetilsynet i tre saker. I dei to sakene som gjeld konkurranselova § 10, blei klagen delvis tekne til følgje.

Av sakene som kom inn i 2018, men som framleis ikkje er avgjorde, er det to saker. Begge sakene gjeld klager på avslag om innsyn. Konkurransklagenemnda opplever ein auke i talet på klagesaker som gjeld klage på avslag om innsyn heilt eller delvis. På grunn av ressursituasjonen både i Konkurransklagenemnda og sekretariatet kan den forventede saksbehandlingstida på desse sakene bli relativt lang. Konkurransklagenemnda fekk kopi av klage i Telenor-saka 20. desember 2018, men klaga blei først sendt over frå Konkurransetilsynet til nemnda 15. januar 2019, jf. forvaltningslova § 33. Denne saka vil ta opp mykje av ressursane til både nemnda og sekretariatet i 2019.

Saksbehandlingstida til Konkurransklagenemnda i 2018 er på om lag tre månader, og det er eit svært godt resultat ut frå mengda og omfanget på dei sakene nemnda behandla i 2018.

Klagenemndssekretariatet fekk som nemnt nye nettsider i desember 2018. På desse sidene vil avgjerdene frå Konkurransklagenemnda bli lagde ut etter kvart.

Saksbehandlingsforskrifta for Konkurransklagenemnda var på høyring i 2018. Saksbehand-

lingsforskrifta blei sett i kraft med verknad frå 1. januar 2019. Rettleiinga for nemnda, som vil utdjupe innhaldet i forskrifta, har nemnda som mål å gjere ferdig i løpet av første kvartal 2019.

3.6 Stiftelsesklagenemnda

Stiftelsesklagenemnda er klageinstans for Stiftelsestilsynet etter lov 15. juni 2001 nr. 59 om stiftelser, lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavarens dekningsrett, lov 3. mars 1972 nr. 5 om arv og lov 29. juni 2007 nr. 81 om samvirkeforetak, med mindre anna følgjer av særskild lovheimel.

Stiftelsesklagenemnda blei nemnd opp etter lov 13. mars 2015, som tredde i kraft 1. juli 2015. Medlemmene blei oppnemnde i statsråd 18. september 2015. Nemnda hadde det første møtet sitt 4. desember 2015. Sekretariat for klagenemnda har tidlegare vore Nærings- og fiskeridepartementet v/Cecilie Bakke Dueled (1. januar–31. mars 2017). Frå og med 1. april 2017 tok Klagenemndssekretariatet i Bergen over sekretariatsoppgåva.

Stiftelsesklagenemnda var i 2018 sett saman av desse medlemmene: Hanne Ombudstvedt (leiar), Caroline Dale Ditlev-Simonsen og Henning Sollid. Personleg varamedlem for Ombudstvedt er Johan Giertsen, og personleg varamedlem for Sollid er Anne Danielsen Wood. Personleg varamedlem for Ditlev-Simonsen er Karl Henrik Sivesind.

Stiftelsesklagenemnda har i 2018 gjennomført seks møte. Eitt av møta blei gjennomførte som eit telefonmøte mellom varamedlemmene i Stiftelsesklagenemnda, der éi sak var til behandling. Bakgrunnen for at varamedlemmene behandla saka var at dei ordinære medlemmene av Stiftelsesklagenemnda trekte seg tilbake og rekna seg som inhabile til å behandle og avgjere saka. Eitt av møta blei haldne i Bergen og inkluderte eit dialogmøte med Stiftelsestilsynet og eit dialogmøte med Klagenemndssekretariatet.



THE LAW OF
PUBLIC AND UTILITIES
PROCUREMENT

REGULATIONS IN THE UK AND EU
NINETEEN

2019

Public Law

SWEET & HUNTER

THE LAW OF
PUBLIC AND UTILITIES
PROCUREMENT



	Tal på saker i 2018	Heimel	Tal på saker i 2017
Saker avslutta med vedtak	19		23
Saker avslutta utan vedtak (klage trekt)	0		1
Ikkje avslutta saker	11		12/13
Sum	30		37
Saker avslutta med vedtak, fordelte på saksforhold			
Søknad om vedtektsendring	1	stl. § 46	4
Søknad om oppheving av stiftelsen	2	stl. § 46	11
Søknad om oppheving av råderettsavgrensing	1	stl. § 55	2
Søknad om samanslåing av stiftelsar	2	stl. §§ 46 og 53	0
Klage på sakshandsaminga hos Stiftelsestilsynet	0	fvl. §§ 2, 3 og 28	1
Klage avvist pga. manglande rettsleg klageinteresse	0	fvl. § 28	2
Klage avvist pga. unnlating av å overhalde klagefristen	0	fvl. § 29	1
Klage avvist på grunnlag av at det ikkje ligg føre eit enkeltvedtak	1	fvl. § 28	0
Søknad om nedsetjing av grunnkapital	1	stl. § 17	1
Styreavsetjing	3	stl. § 29	1
Nedsetjing av honorar	2	stl. § 40	0
Krav om dekning av sakskostnader	5	fvl. § 36	0
Omdanning av samvirkeforetak	1	samvirkel. § 150	0
Sum	19		23

Av vedtaka frå Stiftelsesklagenemnda i 2018 blei eitt gjort under dissens, og dei andre var samrøystes. Fem av sakene som blei avgjorde, var sakskostnadskrav som var retta direkte til Stiftelsesklagenemnda som følgje av tidlegare omgjerung av vedtaka frå Stiftelsestilsynet i bestemte saker. Av dei andre 14 sakene som er avslutta med vedtak, har nemnda stadfesta vedtaket frå Stiftelsestilsynet i 11 saker. I to saker er klaga teken til følgje, og i éi sak er klaga delvis teken til følgje.

Ei av sakene der klaga er teken til følgje, gjaldt søknad om nedsetjing av grunnkapital. Den andre saka gjaldt søknad om oppheving av stiftelsen. Saka der klaga blei delvis teken til følgje, gjaldt styreavsetjing.

I 2018 kom det inn 17 saker til Stiftelsesklagenemnda. Dette er ein reduksjon frå året før, då det kom inn 31 saker. Nemnda har ikkje tidlegare hatt til behandling klager på vedtak om nedsetjing av styrehonorar eller honorar til forretningsførar. I 2018 avgjorde nemnda to slike saker. Den eine av sakene reiste spørsmål om utgangspunktet for foreldingsfristen for krav frå stiftelsens om tilbakesøking av utbetalt ugyldig godtgjerung, jf. stiftelseslova § 40 andre ledd. Stiftelsesklagenemnda kom til at den dagen då stiftinga tidlegast har rett til å krevje oppfylling, er datoen for vedtaket frå Stiftelsestilsynet.

Stiftelsesklagenemnda avgjorde i 2018 to klager på vedtak frå Stiftelsestilsynet om avsetjing av styremedlemmer. I ei av sakene stadfesta nemnda vedtaket frå Stiftelsestilsynet om å avsetje styreleiaren i ei stifting. Styret hadde ikkje sørgt for å få lagt fram låneavtalen for seg og hadde heller ikkje sørgt for dei nødvendige kontrolltiltaka for å sikre utbetaling av lån mot trygd og i tråd med dei avtalte lånevilkåra. Manglande trygd blei etter det som er opplyst, tilfeldig oppdaga. I den andre saka fekk styremedlemmene som klaga, medhald i at dei ikkje hadde sett pliktene sine vesentleg til side etter stiftelseslova §§ 30 og 37, og heller ikkje brote omdanningsreglane i kapittel 6.

Dokumentmengda i dei styreavsetjingssakene som Stiftelsesklagenemnda har hatt til behandling, har vore stor, og desse sakene har vore meir ressurskrevjande enn dei andre sakene Stiftelsesklagenemnda har hatt til behandling. Desse sakene har reist ei rekkje prosessuelle spørsmål, og det har vore mange innsynskrav knytte til styreavsetjingssakene. Det kan nemnast at dokumentmengda i desse hadde eit omfang på rundt 2000 sider.

Saksbehandlingstida har auka frå gjennomsnittleg 182 dagar i 2017 til gjennomsnittleg 229 dagar i 2018. To av klagesakene blei sende inn til nemnda i juli 2017, og vedtaka blei gjorde først i november 2018. Dette bidreg til ein auke av



gjennomsnittleg saksbehandlingstid. Klagenemndssekretariatet måtte også for denne nemnda redusere tenestene sine slik at den samla tida som blei brukt på KUD-nemndene på årsbasis, ikkje ville bli på meir enn to årsverk.

3.7 Lotterinemnda

Lotterinemnda er ei uavhengig klagenemnd. Alle vedtak etter lotterilova som blir fatta av Lotteri- og stiftelsestilsynet i første instans, kan klagast inn for Lotterinemnda, jf. lotterilova § 4. Det same gjeld vedtak som Lotteri- og stiftelsestilsynet fattar etter forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar.

Lotterinemnda har tre faste medlemmer med personlege varamedlemmer. For perioden frå 1. januar 2017 til 31. desember 2020 er nemnda sett saman slik:

Leiar: Elisabeth Wittemann, personleg vara Audgunn Syse (ny vara Kaja Moen Welø trer inn for Audgunn Syse f.o.m. 1. januar 2019), medlem: Åse Gustavsen, personleg vara Bård Eikeset; medlem: Ingjald Sørhøy, personleg vara Erling Sivertsen.

Lotterinemnda gjennomførte totalt 6 nemndmøte i løpet av 2018. Tre av dei blei haldne i Oslo, og tre nemndmøte blei haldne gjennom elektronisk behandling kombinert med telefonkonferanse.

Plenumsrådet blei halde i Oslo 6. juni 2018, og der deltok både Lotterinemnda og Frivilligregisternemnda.

Lotterinemnda behandla totalt 41 saker i løpet av 2018, og tala viser at Lotterinemnda opplevde ein auke i talet på innkomne saker. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid låg ved utgangen av 2018 på 102 dagar. Lotterinemnda heldt vedtaket frå Lotteri- og stiftelsestilsynet ved lag i 38 av dei 41 avgjorde sakene. I sakene 2018/164 (Kyrkjeklokka Bladlag) og 2018/171 (Nes Menighetshus) oppheva Lotterinemnda vedtaka frå Lotteri- og

stiftelsestilsynet, og sakene blei sende tilbake til Lotteri- og stiftelsestilsynet for ny behandling. I sak 2018/8 (Norsk Baan Jing Jai Forening) gav Lotterinemnda klagaren medhald i klagen som gjaldt klage over avslag frå Lotteri- og stiftelsestilsynet på søknad om godkjenning som lotteriverdig organisasjon. Nemnda uttalte at foreininga i verksemda si har eit humanitært føremål i tilstrekkeleg omfang. Foreininga kunne også vise til at drifta innebar donasjonar, fadderpengar og småutloddingar, og at delar av dette beløpet hadde blitt overført til foreininga. Foreininga blei derfor godkjend som lotteriverdig organisasjon.

Sakene som Lotterinemnda har behandla, har vore av varierende omfang, og som i 2017 gjaldt også hovuddelen av sakene i 2018 klager over avslag eller avvising av søknad om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar.

Av større saker har nemnda mellom anna behandla sak 2017/250 (Komsa sjakkklubb). Saka gjaldt klage over vedtak om tilbakebetaling av grasrotmidlar. Klagaren var i tidlegare vedtak frå nemnda stengd ute frå deltaking i Grasrotandelen fordi klubben ikkje kunne vise til tilstrekkeleg frivillig innsats. I tillegg hadde grasrotmidlane gått til styrking av ein lukka krets i klubben. Når det gjaldt klagen over tilbakebetaling av grasrotmidlar, uttalte nemnda at ein ikkje kunne sjå vekk frå at tilbakebetalinga av grasrotmidlar i dei enkelte tilfella kan opplevast som meir inngripande enn utestenging frå ordninga. Grasrotmidlane er pengar som eininga i utgangspunktet ikkje hadde krav på. Når ein held dette saman med at det ikkje var sett opp andre vilkår for tilbakebetaling enn at eininga er utestengd frå ordninga, innebar, slik nemnda såg det, at terskelen for pålegg om tilbakebetaling ikkje bør vere for høg. Nemnda heldt ved lag vedtaket frå tilsynet om å tilbakebetale 115 343 kroner av dei urettmessig mottekne grasrotmidlane.

Av sakene som kom inn i 2018, men som framleis ikkje er avgjorde, gjeld éi av sakene klage over vedtak om pålegg om stans av ulovleg pyramideverksemd – sak 2018/236 (Lyoness). Saka kom inn i juni 2018, og klagaren kravde at vedtaket frå

Lotteri- og stiftelsestilsynet av 31. mai 2018 blei utsett fram til klagen på vedtaket var endeleg avgjort av Lotterinemnda. Nemnda vedtok å gi utsett iverksetjing på tilsvarende vilkår som Lotteri- og stiftelsestilsynet hadde gitt. Den vidare saksbehandlinga av klagen har vore svært ressurskrevjande både for sekretariatet og for nemnda fordi saka har eit stort omfang både rettsleg og når det gjeld talet på dokument. Vedtaket frå nemnda i saka er venta å vere klart i månadsskiftet januar/februar 2019. Behandlinga av denne saka vil gi utslag på saksbehandlings-tida for sakene som Lotterinemnda behandlar.


Lotterinemnda har i tillegg behandla ein førespurnad frå Sivilombodsmannen i samband med eit tidlegare vedtak fatta av Lotterinemnda. Sivilombodsmannen bad i brev datert 22. august 2018 om at Lotterinemnda gjorde greie for praksis i nemnda ved bruken av forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar §§ 5 og 7. Oppmodinga var kom av at ombodsmannen hadde fått inn ein klage over vedtaket frå Lotterinemnda 30. oktober 2017 der søknaden frå Furuset Sportsanlegg AS om momskompensasjon blei avslått.

Klagaren hevda overfor Sivilombodsmannen at Lotterinemnda, i denne saka og generelt i

praksisen sin, opererer med ei ukorrekt forståing av vilkåret i forskrifta om at den som søker momskompensasjon, «må kunne dokumentere at frivillig innsats er en viktig del av virksomheten». I oppmodinga til Lotterinemnda stilte Sivilombodsmannen mellom anna spørsmål ved om kravet frå nemnda om at frivillig innsats må vere «hovedaktiviteten» i organisasjonen, berre gjeld for aksjeselskaper. Dersom dette var rett, blei nemnda beden om å gi ei rettsleg grunngiving for dette.

Klagenemndssekretariatet støtta Lotterinemnda i å utforme ei utgreiing av tidlegare praksis. Synet til nemnda var at forskrifta stiller like krav til aksjeselskap og andre organisasjonar, og at praksisen til nemnda er i tråd med dette. Sivilombodsmannen uttalte 5. november 2018 at det ikkje var rettsleg grunnlag for innvendingar mot korleis Lotterinemnda tolkar regelverket. Sivilombodsmannen valde kort tid etter å ta opp den konkrete vurderinga frå nemnda av den frivillige innsatsen i Furuset Sportsanlegg AS i ei eiga sak som vil bli behandla i 2019. I oktober 2018 måtte Klagenemndssekretariatet redusere ressursbruken for denne nemnda ut året for ikkje å overstige dei tildelte ressursane frå KUD til denne nemnda.

Utvikling i nye saker per år i Lotterinemnda frå 2001 til 2018



	Tal på saker i 2018	Heimel
Saker avslutta med vedtak	41	
Ikkje avslutta saker	18	
Sum	59	
Saker avslutta med vedtak fordelt på saksforhold		
Klage over avvising av søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	2	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar §2 (4) jf. § 15 (2)
Klage over avvising av søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	1	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 5 (3).
Klage over avvising av søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	10	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 4 jf. FvI § 31
Klage over avvising av søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	1	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 7 (2)
Klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	3	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 5 (4) a.
Klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	1	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 7 (6) jf. § 1
Klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	3	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 7 (2)
Klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	1	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 5 (3)
Klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	1	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 7 (8)
Klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	1	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 5 (4) c
Klage på avslag på søknad om bingospill	3	Forskrift om bingo § 2
Klage på avslag på søknad om tilskudd frå spele overskotet til Norsk Tipping	4	Forskrift om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar § 6a
Smålotteri	2	Forskrift om lotteritilsynet og lotteriregisteret § 5-1 og lotterilova § 7b
Klage på avslag på søknad om godkjenning som lotteriverdig organisasjon	2	Lotterilova § 4, jf. § 6
Klage på vedtak om meirverdiavgiftskompensasjon – redusert søknadsbeløp	2	Forskrift om meirverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar § 7 (6)
Klage over avslag på utsatt frist for oppstått av lotteri	1	Lotteriloven § 7 jf. § 4
Klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon	1	Bestemmelser om kompensasjon av meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg (2017)
Klage over vedtak om tilbakebetaling av grasrotmidlar	2	Forskrift om grasrotandel § 9 og § 3
Sum	41	

3.8 Frivilligregisternemnda

Kulturdepartementet oppretta i 2009 ei klagenemnd for saker som er knytte til registrering i Frivilligregisteret. Klagemoglegheitene er heimla i frivilligregisterlova av 29. juni 2007 og i forskrift til lov om register for frivillig verksemd §§ 6 og 7 (nr. 1214 av 15. oktober 2008).

Frivilligregisternemnda er ei sjølvstendig klagenemnd, men er samordna med Lotterinemnda ved at medlemmer og personlege varamedlemmer i Lotterinemnda blir oppnemnde til tilsvarende verv i Frivilligregisternemnda. I tillegg til dette blir det oppnemnt ein representant frå Frivillighet Norge og ein representant med inngåande kunnskap om frivillig sektor, begge med ein personleg vara. For perioden frå 1. januar 2017 til 31. desember 2020 har Frivilligregisternemnda denne samansetninga:


Leiar: Elisabeth Wittemann, personleg vara Audgunn Syse (ny vara Kaja Moen Welo trer inn for Audgunn Syse f.o.m. 1. januar 2019), medlem: Åse Gustavsens, personleg vara Bård Eikeset; medlem: Ingjald Sørhøy, personleg vara Erling Sivertsen; medlem: Stian Slotterøy Johnsen, personleg vara Ida Marie Holmin, medlem: Bernhard Enjolras, personleg vara Ivar Eimhjellen.

Frivilligregisternemnda har gjennomført eitt nemndsmøte i Oslo i 2018. Nemnda har i tillegg



jamleg behandla saker elektronisk gjennom året. Nemnda har totalt behandla 6 saker. I alle saker har nemnda halde vedtaket frå Frivilligregisteret ved lag. Tre av sakene gjaldt klager over vedtak om nekting av registrering i Frivilligregisteret med deltaking i Grasrotandelen. Problemstillinga i desse sakene har vore om organisasjonen driv verksemda på lokalt eller på regionalt nivå.

Tal nye saker i Frivilligregisternemnda



Frivilligregisternemnda har vidare behandla to saker som gjaldt klager over vedtak om å nekte einingar registrering i Frivilligregisteret som følgje av at aktivitetane til einingane blei rekna som organisert av det offentlege. I sak 2018/0111 (FAU Skjelnan skole) uttalte nemnda at sjølv om eit FAU er drive av foreldre, er utvalet ei forlen- ging av foreldrerådet, som er heimla i opplæ- ringslova og har lovpålagde oppgåver. Ettersom det er pålagt av det offentlege å opprette FAU, blei aktivitetane til eininga i denne saka rekna som organiserte av det offentlege i relasjon til frivilligregisterlova § 3. I sak 2018/0006 (For-

eldregruppen Anno 2017) konkluderte nemnda med at slik føremålet og aktivitetane til forei- ninga var skildra, fall dei innanfor oppgåvene til foreldrerådet etter opplæringslova § 11-4, og blei derfor rekna som aktiviteter organisert av det offentlege. Frivilligregisternemnda har også behandla éi sak som gjaldt klage over vedtak om å nekte registrering av vedtekter i Frivilligre- gisteret. Av saker som kom inn i 2018, men som framleis ikkje er avgjorde, gjeld alle seks sakene problemstillingar som er knytte til nekting av registrering i Frivilligregisteret.

	Tal på saker i 2018	Heimel
Saker avslutta	6	
Ikkje avslutta saker	6	
Sum	12	
Saker avslutta med vedtak, fordelte på saksforhold		
Klager over vedtak om nekta registrering i Frivilligregisteret med deltaking i Grasrotandelen - (lokal regional aktivitet)	3	Forskrift om grasrotandel § 1, jf. pengespellova § 10
Klager på vedtak om nekting av registrering av vedtekter i Frivilligregisteret	1	Frivilligregisterlova § 6 (2).
Klager over vedtak om nekta registrering i Frivilligregisteret (aktivitet organisert av det offentlige)	2	Frivilligregisterlova § 3 (2) bokstav a.
Sum	6	

3.9 Medieklagenemnda

Medieklagenemnda avgjorde 14 saker i 2018. Dette er fire saker mindre enn i 2017, men dobbelt så mange som i 2016. I tillegg var det to klagesaker som blei trekte frå behandling i klagenemnda.

I år som i fjor gjeld fleirtalet av sakene tilskot til produksjon og formidling av audiovisuelle verk. I 2017 gjaldt halvparten av dei avgjorde sakene klager etter dette regelverket. Av totalt 16 avgjorde og trekte saker i år er det 12 stk. (75 prosent) som gjeld regelverket for tilskot til audiovisuelle verk. Av klager som kom inn i 2018, men som førebels ikkje er avgjorde, rettar sju av ti seg mot tilskot for audiovisuelle verk. Det har vore ein auke i talet på klagesaker frå 2017 til 2018.


Den største og mest utfordrande saka nemnda avgjorde i 2018, var sak 2018/182 (konkursbuet til Tappeluft Pictures Holding AS). Saka gjaldt at Norsk filminstitutt hadde gitt avslag på krav om utbetaling av siste rate med etterhandstilskot til filmen Kill Buljo 2. Klagenemnda kom til at avtalen frå produksjonsforetaket om førehandssal av visingsrettane til filmen var inngått i tråd med «vanlig praksis i bransjen» og på «vanlige forretningsmessige vilkår», jf. forskrift om etterhandstilskudd til kinofilm § 4. Vedtaket frå Norsk filminstitutt om ikkje å betale ut den siste raten med etterhandstilskot blei på denne bakgrunnen oppheva.

I 2018 behandla klagenemnda vidare to saker om straffegebyr for kringkasting utan gyldige konsesjonar. Klagenemnda kom – til liks med Medietilsynet – fram til at handlingane til klagaren utgjorde eit brot på kringkastingslova. Klaga blei derfor forkasta. Også i dei resterande sakene som nemnda avgjorde i 2018, blei klaga forkasta.

I 2018 behandla klagenemnda også ei sak med krav om utsett iverksetjing – sak 2017/340. Saka gjaldt at klagaren kravde å få søknaden sin endra og vurdert under eit anna tilskotnivå. Klagaren bad om utsett iverksetjing etter forvaltningslova § 42 til dette spørsmålet var avgjort. Slik klagenemnda såg det, var ikkje avgjerda frå NFI «bestemmande» for rettane til klagaren, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a og b. Klagenemnda fann uansett at det klagaren skreiv om endring av søknadsbeløpet, ikkje kunne nå fram. Det blei på denne bakgrunnen ikkje nødvendig å ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing.

Klagenemndssekretariatet måtte i oktober 2018 redusere ressursbruken resten av året for Medieklagenemnda, for at ikkje ressursbruken skulle overstige dei tilmålte årsverka for nemndene som er underlagde KUD, totalt for året. Dette vil kunne auke saksbehandlingstida i 2019.

Tal avgjerder i Medieklagenemnda



	Tal på saker i 2018	Heimel	Tal på saker i 2017
Saker avslutta med vedtak	14		18
Saker avslutta utan vedtak (klage trekt)	2		0
Ikkje avslutta saker	10		5
Sum	26		23
Saker avslutta med vedtak, fordelte på saksforhold			
Søknad om tilskot til audiovisuell produksjon og formidling	10	Forskrift om tilskudd til produksjon og formidling av audiovisuelle verk (FOR-2016-10-07-1196)	9
Søknad om tilskot til lokale lyd- og biletmedium	0	Forskrift om tilskot til lokale lyd- og bildemedier (FOR-2016-02-19-166)	7
Klage på vedtak om aldersgrense på film	0	Lov om vern av mindreårige mot skadelige bildeprogram mv. (biletprogramlova) (LOV-2015-02-06-7)	1
Søknad om produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium	1	Forskrift om produksjonstilskudd til nyheits- og aktualitetsmedier (FOR-2014-03-25-332)	1
Konsesjon for kringkasting	3	Lov om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester (kringkastingslova) (LOV-1992-12-04-127)	0
Sum	14		18

3.10 Talet på innsynskrav i 2018

Klagenemndssekretariatet har brukt mykje ressursar på å behandle krav om innsyn i 2018. Det er verdt å merke seg at KOFA har behandla 193 innsynskrav i løpet av året, og at Stiftelsesklagenemnda har behandla 93. At det brukt mykje tid på Stiftelsesklagenemnda i 2018, kan derfor delvis også forklarast med ei særskilt stor tilstrøyming i talet på innsynskrav for denne nemnda.

Innsynskrav 2018

Nemnder	Tal elektroniske	Manuelle	Totalt per nemnd
KOFA	193	30	223
Lotterinemnda	8	2	10
Frivilligregisternemnda	0		0
Medieklagenemnda	12		12
Konkurransklagenemnda	1		1
Stiftelsesklagenemnda	83	5	88
Totalt	297	37	334

Totalt behandla Klagenemndssekretariatet 334 innsynskrav i 2018.



3.11 Vurderingar av om Klagenemndssekretariatet oppfyller dei strategiske måla

Gjennom 2018 er det gjennomført rapportering på risikoindikatorar for å følgje opp at Klagenemndssekretariatet utviklar seg rett når det gjeld strategi og dei måla som er sette for verksemda.

Mål 1:


Velfungerande og effektivt organ med høg legitimitet

Desse aktivitetane har vore gjennomførte i 2018 for å etablere Klagenemndssekretariatet som eit organ som oppfyller målet om å vere eit velfungerande og effektivt organ med høg legitimitet.

- 1 **Strategiplan:** Planen gir klare føringar på vegen og for dei prioriteringane som skal gjerast dei neste fire åra. Samtidig blei det vedteke ein lønspolitikk for organet.
- 2 **Timeregistrering per nemnd:** I heile 2018 har dei tilsette registrert tid på kva nemnd dei har jobba for. Dette har gitt god styringsinformasjon til fordeling av ressursar gjennom året.
- 3 **Timeregistreringssystem per sak for alle nemnder:** Det er etablert eit timeregistreringssystem, slik at det er lettare å få oversikt over kva for typar saker som krev mest ressursar i sekretariatet. Dette gir NFD og leiinga god styringsinformasjon i 2019, og ein vil i større grad kunne fordele ressursane jamt utover året.
- 4 **Digitalisering:** Digitaliseringsgraden på administrative prosessar er no oppe i 85 prosent. Det gjer at delar av ressursbruken innanfor administrasjonen er fordelt til andre støtteoppgåver for saksbehandlarar i 2019. Sjå meir om digitaliseringstiltaka under del IV.
- 5 **Medarbeidarundersøking:** Ved gjennomført medarbeidarundersøking i 2018 gir dei tilsette veldig god tilbakemelding både på trivsel

og leiing. Dei tilsette gir også tilbakemelding om at arbeidsbelastninga i periodar kan vere veldig høg.


- 6 **Opplæring av nye tilsette:** Auka intern opplæring av nye medarbeidarar, slik at innføringsprosessen går raskt både når det gjeld kultur, samarbeid og vektlegging av saksbehandling frå første dag.
- 7 **Erfaringsarkiv:** Eit elektronisk erfaringsarkiv der organet kan samle erfaringar frå dei ulike nemndene, er innkjøpt og skal utviklast vidare i 2019.
- 8 **Nettside:** Organet fekk ny nettside for alle nemndene, slik at det no er ein einskapleg profil og høve til å finne informasjon om saksproduksjon for alle nemndene på den same nettsida.
- 9 **KOFA-konferansen og nyheitsbrev:** KOFA-konferansen gir også KOFA legitimitet i den forstand at det blir lagt vekt på den rettsutviklinga som nemnda bidreg til med avgjerdene sine. Det same gjeld nyheitsbrev, som kjem ut fire gonger i året.



Mål 2:

Lågast mogleg saksbehandlingstid per nemnd

Organet legg kontinuerleg vekt på effektivitet. Saksbehandlingstida for dei ulike nemndene går fram av tabellane som blei presenterte under kvar nemnd. KUD-nemndene, bortsett frå Stiftelsesklagenemnda, har ei saksbehandlingstid på ca. tre månader. Det same gjeld Konkurransklagenemnda. Saksbehandlingstida for uprioriterte saker i KOFA har auka, men saksbehandlingstida for prioriterte saker er framleis kort. Saksbehandlingstida i Stiftelsesklagenemnda har auka i 2018 trass ein betydeleg prioritering av denne nemnda ressursmessig. Hovudårsaka til aukeinga er store saker som har kravd svært mykje innsats frå sekretariatet og tid brukt på behandling av eit stort tal på innsyns krav.



Mål 3 og 4:

Høg kvalitet på dei juridiske tenestene organet gir, og profesjonalitet i saksbehandlinga

Klagenemndssekretariatet har jamlege dialogmøte med nemndene for kunne auke kvaliteten på dei tenestene organet tilbyr. God dialog og tillit mellom nemndsleiaren/nemndsmedlemmene og sekretariat er avgjerande for eit godt samarbeid.

Tilbakemeldingane frå nemndsleiarane er at dei i hovudsak er svært fornøgde med dei juridiske tenestene organet tilbyr. På dei rettsområda Klagenemndssekretariatet ikkje hadde kunnskap om frå før, er det behov for auka kompetanse og erfaring før ein kan seie seg nøgd med kvaliteten og effektiviteten.

For KOFA har organet gjennomført ei brukarundersøking til abonnentane, og den blei også lagd ut på internettsida, slik at alle fekk tilbod om å delta. 149 personar svarte. Hovudtrekka i brukarundersøkinga er at KOFA framleis er eit organ med høg tillit hos brukarane. 97 prosent svarte at

dei er i svært stor grad, i stor grad eller verken/eller har tillit til KOFAs avgjerder. 90 prosent av respondentane er i svært stor grad eller i stor grad einig i at kvaliteten på avgjerdene er god. Ikkje uventa ønskjer respondentane kortare saksbehandlingstid for uprioriterte saker.

Det er elles ikkje registrert saker som direkte gjeld omtale av Klagenemndssekretariatet verken positivt eller negativt. Det har elles vore svært mykje omtale av saker som organet har handtert. Dette viser den store interessa for avgjerdene til nemndene.

Det har i 2018 ikkje vore nokon saker som har blitt klaga inn eller gjorde om på grunn av saksbehandlingsfeil i sekretariatet.





IV. Styring og kontroll i verksemda

4.1 Overordna om styring og kontroll av verksemda i 2018

Styringsdialogen går fram av tildelingsbrevet. Hovudinstruksen fastset mynde, ansvar og oppgåver for styringa av organet. Måloppnåinga og ressursbruken er vurdert i del III. Den overordna vurderinga vår av måloppnåinga er at ho går etter planen. Klagenemndssekretariatet har hatt to etatsstyringsmøte med Nærings- og fiskeridepartementet i 2018, og vi har to gonger rapportert på måloppnåing, resultat og eventuelle avvik. Annan dialog har vore avhengig av behov. Klagenemndssekretariatet opplever at styringsdialogen er god og konstruktiv.

Verksemdsstyringa

Det er i 2018 utvikla ein strategiplan for tidsperioden 2018–2022 som viser kvar verksemda skal i styringa av organet. Strategiplanen heng også

saman med andre styringsdokument i tillegg til dokument for rapportering, inkludert delårsrapportering og årsrapport, og føringar i tildelingsbrevet og ekstra føringar gjennom året.

Samfunnsoppdraget vårt skal utførast på best mogleg måte, slik at dei langsiktige måla som er sette, blir nådde. Ressursar blir prioriterte basert på vurdering av forventa effekt og ressursbruk. Det er definert tiltak til kvart mål og delmål med vekt på effektar og å vise fram dei effektane vi oppnår.

Etatsstyring

Det har vore god dialog med Nærings- og fiskeridepartementet gjennom året, og ein er einige om felles avgjerande rapporteringsparametrar for å sikre måling på dei viktigaste måla.





Internkontroll

Strategien og verksemdsplanen gjeld for heile Klagenemndssekretariatet med alle nemnder. Hovudmålet om eit velfungerande og effektivt sekretariat gjeld overfor alle kundar og samfunnsaktørar. Det inkluderer også god informasjonstryggleik og rett innføring av regelverk, som den nye personvernforordninga frå EU. God internkontroll oppnår ein ved å etterleve regelverk og tilhøyrande intern praksis. Gjennom året har det vore månadleg rapportering på økonomistyring, prognosar og ressursbruk. I tillegg blir dette evaluert, og det blir gjort prioriteringar basert på desse analysane. Kontinuerlege avvik frå avvikssystemet vårt og forbedringsforslag blir følgde opp for å identifisere og setje i verk tiltak og hindre skade. Internkontrollarbeidet er ein kontinuerleg prosess. Ved behov blir det sett i verk korrigerande tiltak. Klagenemndssekretariatet vurderer at internkontrollen i organet er god.

4.2 Kompetanseoverføring

Organiseringa av Klagenemndssekretariatet har framleis i 2018 vore gjort slik at kvar nemnd har vore bemanna med to juristar. Ved tyngre saker i enkelte av nemndene har det også vore sett

inn ein ekstra jurist som kvalitetssikrar. Det har heva nivået på saksbehandlinga vidare. Spesielt i Lotterinemnda og Stiftelsesklagenemnda har det vore nødvendig på grunn av nokre komplekse saker. I år har vi fått etablert eit erfaringsarkiv per nemnd som gjer oss mindre sårbare ved svangerskapspermisjonar eller ved at nøkkelpersonell sluttar. Med det nye elektroniske erfaringsarkivet er det også enklare å søkje i ulike tema og søkjeord. Sårbarheita skal no vere redusert, og fleire juristar har no over to år bygd seg opp god kompetanse på fleire juridiske fagfelt.

4.3 Beredskap og tryggleik

Innanfor beredskap har Klagenemndssekretariatet utforma ein beredskapsplan og etablert ei beredskapsgruppe for å kunne handtere uønskete hendingar. Nødvendig grunnsikring er gjort og blir jamleg rapportert i avvikssystemet vårt. Det blir jamleg halde ved like, og det blir gjennomført rullerande øvingar innanfor brann og beredskap gjennom året. Dei tillitsvalde og verneomboda er sterkt involverte også i desse prosessane. Det blir gjort evaluering av øvingar for å auke kompetansen blant dei tilsette og leiinga, og det blir gjort endringar i bered-



skapsplanen der det er nødvendig. Det har i 2018 ikkje vore rapportert inn nokon uønskete hendingar. Det er også tett samarbeid med eigaren av lokala våre om gjennomføring av brannøvingar for heile bygget og opplæring i helse, miljø og tryggleik på ein heilskapleg måte. Alle nyttilsette må gjennom ei grunnopplæring innanfor helse, miljø og tryggleik den første veka i ny jobb.

Innanfor informasjonstryggleik er det etablert og halde ved like systematisk internkontroll på informasjonstryggleiksområdet. I styringssystemet for informasjonstryggleik er det etablert slike aktivitetar: risikovurdering, risikohandtering, overvaking og hendingshandtering, måling, evaluering og revisjon, og dessutan kompetanse, kommunikasjon og kulturutvikling.

Klagenemndssekretariatet fekk i 2018 ein heilt ny it-infrastruktur i lokala til Konkurransetilsynet. Drifting av serverar, nettverk og generell it-drift er ei teneste som organet kjøper av Konkurransetilsynet. I 2018 har vi lagt vekt på å få til stabil drift basert på innføring av nye databasar, e-postserverar og arkiv. Arkivtenestene er vidare effektiviserte i 2018 ved at vi har teke i bruk tenester som E-innsyn og E-formidling for alle nemndene. Gjennom året er det også teke i bruk nytt tråd-

laust nett i lokala våre og heimekontorløysing for tilsette og enkelte nemndsmedlemmer.

Klagenemndssekretariatet har inngått ein tidsavgrensa avtale for å drifte it-infrastrukturen og arkivløysinga. Klagenemndssekretariatet har fastsett eigne krav til tryggleik og tiltak i tillegg til det som er sett opp av Konkurransetilsynet ved etableringa av den tekniske infrastrukturen.

Konkurransetilsynet gjennomfører årlege tryggleiksrevisjonar. Organet nyttar delar av infrastrukturen til Konkurransetilsynet, som internettlinje, brannmur, kjerneswitch og remote backup site.

Den fysiske sikringa er etter den britiske LPR 1175 nivå 5. Det er eigne tilgangsrutinar til autorisert personell for tilgang til datarommet. Datarommet er utstyrt med ulike innbrotsalarmdetektorar. Datarommet er også sikra med eit eige lukka brannsløkkingssystem som automatisk skal sløkkje alle brannar som oppstår.

I 2018 blei det innført eit styringssystem for informasjonstryggleik. Arbeidet med dette vil halde fram i 2019, og merksemda vil vere å få skildra den tekniske infrastrukturen meir detaljert. Det vil også bli gjennomført ein sårbar-

heitsanalyse for å vurdere mogleg framtidig skyløysing for arkivsystem og e-postløysing.

4.4 Mangfald og likestilling – inkluderingsdugnad

Det er i år også utarbeidd strategi for å sikre at alle tilsette skal ha like moglegheiter og fridom til å gjere egne val, uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, nedsett funksjonsevne og seksuell orientering. Klagenemndssekretariatet skal fremje likestilling og hindre diskriminering innanfor verkeområdet vårt. Tenestene frå organet skal vere likeverdige for heile befolkninga. Det er ved rekruttering lagt opp til aktiv rekruttering av og tilrettelegging for underrepresenterte grupper. For tilsette i permisjon er det lagt opp til rett til lønsvurdering sjølv om ein er i permisjon, og høve til aktiv dialog med arbeidsgivaren i permisjonstida slik at ein sikrar høvet til vidare fagleg utvikling sjølv om ein er i permisjon.

Det er samarbeid med bedriftshelsetenesta ved nedsett funksjonsevne for å få tilpassa kvardagen og for å få den hjelpa ein treng for å kunne yte best mogleg på jobb og få lik føresetnad som alle andre tilsette. Det blir arbeidd aktivt med haldningar og kompetanse innanfor området til organet. Eldre arbeidstakarar får same høve til kompetanseutvikling og karriereutvikling som yngre arbeidstakarar, slik at tilgangen til interessante arbeidsoppgåver gjer det attraktivt å halde fram i arbeid. Alle tilsette i organet får høve til å arbeide i full stilling, og organet har per dags dato ingen tilsette i redusert stilling.

Klagenemndssekretariatet har i 2018 sett inn vidare tiltak for å auke rekrutteringa frå personar med høl i cv-en eller nedsett funksjonsevne. Ved rekruttering er stillingsannonsane publiserte på «jobb for alle» i ein rekrutteringsprosess.

4.5 Arbeidslivskriminalitet

Klagenemndssekretariatet er opptekne av å motverke arbeidslivskriminalitet. Ved tildeling av oppdrag og oppfølging av inngåtte kontrak-

tar i 2018 er det etablert system og rutinar i innkjøp for å motverke arbeidslivskriminalitet. Ved nye innkjøp er det sett opp krav til leverandørar og underleverandørar for å motverke arbeidslivskriminalitet. Arbeidet som blei starta opp i 2018, vil halde fram i 2019 med kontroll av ulike kontraktar og nye innkjøp gjennom året.

4.6 Digitaliseringstiltaka gjennom året

1. **Felles plattform:** Vi presenterer klagesaker med statistikk for alle nemnder.
2. **Einnsyn:** Vi kan behandle fleire saker raskare, men talet på innsynskrav har sidan oppstartinga i juni auka. Vi reknar med at det på sikt vil stabilisere seg.
3. **E-formidling:** Vi driv e-formidling i alle kanalar via løysinga frå Difi for kommunikasjon både med bedrifter, kommunar, staten og privatpersonar elektronisk.
4. **Ny løysning for konferanseadministrasjon:** Kursdeltakarar melder seg på elektronisk, og betalar når dei melder seg på. Dette frigjer administrative ressursar til oppfølging av kursdeltakarar.
5. **Elektronisk oppdeling av fil:** Vi har dialog med dei ulike tilsyna om korleis dei sender inn klagesaker til oss. Vi sparer mykje på å få klagenes elektronisk, delte opp i filer etter eit fastsett oppsett. Vi kan då importere dei elektronisk utan manuell redigering.
6. **Elektronisk faktura:** Vi sender ut fakturaer elektronisk i klagesaker til alle kundar, i EHF. Auka til 75 prosent i 2018.
7. **Elektroniske møte:** Vi går over til fleire elektroniske nemndsmøte i nemndene.
8. **Reduksjon av sakspapira på papir:** Vi sender meir materiale elektronisk enn før.

4.7 Styring og kontroll

Klagenemndssekretariatet blir revidert av Riksrevisjonen. Dei har gjennomført ein interimrevisjon og har sett på løn, tilsetjingskontraktar, driftsrutinar for utbetalingar, kontrollrutinar og dokumentasjon.

4.8 Avvikshandsaming

Løysinga for internkontroll og innføringa av eit avviks- og forbetringssystem har så langt ikkje avdekt større avvik. Rutinane skal utviklast vidare i 2019, og etter kvart vil dei tilsette bli meir bevisste på å bruke løysinga.

4.9 Risikovurderingar

Den totale ressurstilgangen er for låg samanlikna med talet på innkomne saker som skal løysast i dei respektive nemndene. Den største risikofaktoren for Klagenemndssekretariatet er at sakstilfanget og ressursbehovet for kvar klagesak er så uføreseieleg. Dersom sakstilfanget aukar eller ein får saker som er svært ressurskrevjande, vil ein fort opparbeide seg etterslep som det vil vere vanskeleg å hente inn att utan meir tilførsel av ressursar.

KOFA opparbeidde seg etterslep i 2016 og 2017, då sakstilfanget auka vesentleg samanlikna med 2014 og 2015. I 2018 har KOFA fått auka sakshandsamingstid som følgje av dette. I tillegg har behandlinga av gebyr for ulovlege direkte innkjøp ført til auka ressursbruk i desse sakene. Viss ikkje Klagenemndssekretariatet blir tilført meir ressursar, vil ikkje sakshandsamingstida i KOFA gå ned.

Konkurransesklagemennda har også hatt større vekst i talet på saker enn venta. I tillegg til ei stor sak om gebyr for brot på regelverk har nemnda handtert seks andre saker som har kravd ressursar frå sekretariatet. Karakteren og

omfanget av sakene tilseier at det må bli tildelt nok ressursar til denne nemnda. Konkurransesklagemennda er også den einaste nemnda som Klagenemndssekretariatet betener, som har lovfaste fristar for når saka skal vere ferdig handsama. Slaget om ressursane står derfor mellom KOFA og Konkurransesklagemennda. Begge nemndene har behov for meir ressursar enn det dei har fått i løpet av 2018, for å sikre ei forsvarleg og effektiv saksavvikling.

KUD-nemndene har fått ressursar som svarar til to årsverk, og ein må rekne med auka saksbehandlingstid dersom det ikkje er samsvar mellom ressursane som er tildelte, og behovet.

Sannsynet er stort for at saksbehandlingstida vil auke i 2019 dersom Klagenemndssekretariatet ikkje får meir ressursar. Det er også sannsynleg at det kan bli gjort alvorlege feil i saksbehandlinga ved at dei tilsette har eit for høgt arbeidspress, og at organet vil få auka sjukefråvær, som igjen vil påverke effektiviteten og kvaliteten i organet.

Det er også risiko for at prosessen for nemnder som er melde inn som nye nemnder i Klagenemndssekretariatet i løpet av året, blir utsette. Klagenemndssekretariatet vil ha vanskeleg for å planleggje aktivitetar gjennom året dersom organet ikkje kan halde seg til eit tidspunkt for tiltreding av nye nemnder. Risikoen for alvorlege feil i saksbehandlinga blir handtert ved at ein har rutinar for kvalitetssikring av prosessar og utkast til nemndene. Det blir også gjort risikoreduserande tiltak for sjukemeldingar på grunn av stort arbeidspress, til dømes gjennom tett samarbeid med bedriftshelseteneste og Nav, og tett oppfølging av leiaren. Risikoreduserande tiltak for høg saksbehandlingstid er kontinuerleg intern vektlegging av effektivitet i saksbehandlinga.

V. Vurdering av framtidutsikter

Klagenemndssekretariatet har i 2018 vist at ein trass i den korte levetida til organet har fått effektivitetsgevinstar av å samle sekretariat for fleire nemnder i eitt organ. Felles og strømlinjeforma prosessar gjer at dei administrative kostnadene blir haldne svært låge samanlikna med kostnadene dei ulike sekretariata elles ville hatt. Organet har ikkje blitt tilført nye nemnder i 2018 fordi oppstartinga til Energiklagenemnda har blitt utsett til 2019. Innsparingane hadde blitt endå større dersom denne oppstartinga av denne nemnda ikkje hadde blitt utsett. Som nemnt under vurdering av framtidutsikter i årsrapport for 2017 vil fleire nemnder innunder det same organet føre til større kostnadseffektivitet. Det er derfor avgjerande for å oppnå auka kostnadseffektivitet i framtida at organet får ansvaret for fleire nemnder.

Forhold i verksemda som vil kunne påverke evna til å løyse oppgåvene til organet:

Organet er, med den grunnbemanninga vi har i dag, svært sårbart for høg gjennomtrekk og sjukdom. Dette er dermed dei viktigaste forholda som vil påverke evna til å oppfylle dei oppgåvene organet har. Dette gjeld både saksbehandlarar og administrativt personell. Dersom organet mistar nøkkelpersonell, vil det merke både lågare kvalitet og lågare effektivitet i ein periode til ein har rekruttert og lært opp nokon med like stor kompetanse på dei fagfelta organet handterer. Tilsette i sekretariatet opparbeider seg etter kvart spisskompetanse på ei rekkje fagfelt som det er vanskeleg å rekruttere på arbeidsmarknaden i Bergen. Stor gjennomtrekk vil i stor grad påverke produksjonen i organet.





Organet har vore organisert internt slik at kvar nemnd har hatt sine nemndansvarlege i sekretariatet. Det har sidan starten også vore slik at meir enn éin saksbehandlar har handtert saker for dei ulike nemndene for å unngå at vi gjer oss for sårbare dersom nokon sluttar. Resultatet er at vi i 2018 bygde ein organisasjon der mange kjenner til dei ulike rettsfeltene og organet er godt rusta til å møte 2019 med dei krava til kvalitet og effektivitet som nemndene forventar. Ei slik organisering var nødvendig då organet skulle etablere seg. I løpet av året har det vist seg at det er ressurskrevjande å prioritere ressursane i tråd med dei føringane som finansieringsmodellen krev, når det er mange som jobbar for fleire nemnder samtidig.

Det er derfor bestemt ei ny intern organisering for 2019 som gjer det enklare å halde dei rammene som er sette. I korte trekk vil det bli større grad av spesialisering for kvar enkelt tilsett, men det vil framleis vere stor grad av fleksibilitet mellom dei ulike nemndene, slik at større behov i enkelte nemnder kan bli dekte ved at éin eller fleire saksbehandlarar blir sette inn der det er behov.

Forhold utanfor verksemda som vil kunne påverke evna til å løyse oppgåvene til organet:

Organet er sårbart for store svingingar i talet på innkomne saker og kompleksiteten i dei sakene som kjem inn. Ved store svingingar vil saksbehandlingstida raskt gå opp, og nemnda vil ikkje få behandla så mange saker som det som er ønskt for å halde saksbehandlingstida kort. Organet kan ikkje sjølv påverke kor mange saker som kjem inn, og kor ressurskrevjande sakene er. Dette forholdet vil derfor i stor grad påverke den evna organet har til å halde ei låg saksbehandlingstid. Dersom organet har ei rett grunnbemanning, vil det i større grad kunne handtere svingingar i saksmengd.

God kompetanse hos medarbeidarane er avgjerande for å kunne gi den kvaliteten på tenestene som organet treng. Det er derfor avgjerande at Klagenemndssekretariatet klarer å rekruttere dei beste juristane i Bergen som har spesialkompetanse innanfor dei regelsetta organet handterer. Klagenemndssekretariatet må vere ein attraktiv arbeidsplass med interessante arbeidsoppgåver, og det er derfor viktig at oppgåvene som sekretariatet utfører for dei ulike nemndene, er oppgåver som krev juristkompetanse.

For KOFA er det spesielt viktig at oppdragsgivarane har tillit til at dei rådgivande avgjerdene KOFA tek er rette, for at dei skal halde seg til avgjerda. Høg grad av tillit er naudsynt for at KOFA skal kunne handheve regelverket mest mogleg effektivt. Det er også viktig for Klagenemndssekretariatet at omverda har tillit til at organet bidreg til rettstryggleik innanfor dei rettsområda organet handterer. Media bidreg til å vidareformidle budskapet i avgjerdene til nemndene, og media er viktig for at organet skal kunne utføre det samfunnsoppdraget organet har. Klagenemndssekretariatet skal difor vere tilgjengeleg når media vender seg til oss, slik at media skal kunne få mykje av den informasjonen dei treng. Den nye nettsida www.klagenemndssekretariatet.no er eit stort framsteg og ein føresetnad for organets mål om større synlegheit i media.



VI. Årsrekneskap

6.1 Leiarkommentar til årsrekneskapen for 2018

Formål

Klagenemndssekretariatet blei oppretta 1. april 2017 og er underlagt Fiskeri- og næringsdepartementet (NFD). Organet er eit statleg organ som fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Klagenemndssekretariatet dekkjer behovet for ei samordna og heilskapleg handtering av ulike typar klagesaker med ein felles struktur og administrasjon.

Bekreftelse

Årsrekneskapen for 2018 er levert i samsvar med «bestemmelser om økonomistyring i staten» med tilhøyrande rundskriv R-115 frå Finansdepartementet. Årsrekneskapen er vurdert å gje eit dekkjande bilete av den disponible løyvinga til Klagenemndssekretariatet, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Det er ingen vesentlege forhold eller endringar i drifta som har påverka årsrekneskapen og resultat for 2018.

Tildeling

Dei samla disponible tildelingane til Klagenemndssekretariatet i 2018 var på 20 999 000 kroner på utgiftssida, jf. oppstillinga frå løyvingsrapporteringa på kapittel 912 post 01. Dette omfattar løyvingar på kapittel 0912 post 01 for 2018 på kr 20 110 000, overføring av ubrukte midlar frå 2017 på kr 889 000, jf. løyvingsrapporten og note A. Dei samla disponible tildelingane på kapittel 912 post 22 var på kr 2 000 000.

Mindreutgifter

Løyvingsrapporten viser vidare at Klagenemndssekretariatet har ei samla mindreutgift på kapittel 0912 post 01 på kr 2 322 276, etter at det er teke omsyn til mindreinntektene. Mindreutgifta kjem av at det er gjort tildelingar så seint i året at organet ikkje har fått gjort nytte av tilleggsløyvingane. I tillegg blei det lågare kostnader i gjennomførte prosjekt som utvikling av ny nettside, erfaringsarkiv og tidsregistreringssystem enn venta i prognosar gjennom året. Totalt kr 1 005 500 er søkt overførte frå 2018 til 2019.

Klagenemndssekretariatet har ei samla mindreutgift på kapittel 912 post 22 på kr 235 951. I hovudsak kan mindreutgifta forklarast med lågare aktivitet i Konkurranssekretariatet enn venta, som gav tilsvarende reduksjon i honorarutbetalingar for året. Totalt kr 100 000 er søkt overførte frå 2018 til 2019.

Ordinære driftsutgifter, post 01, viser ei mindreutgift på kr 2 569 276.

Ordinære driftsutgifter, post 22, viser mindreutgift på kr 235 951.

Tildelinga på kapittel 912 post 01 dekkjer løn, andre personalkostnader og driftsutgifter for Klagenemndssekretariatet og tilhøyrande nemnder.

Tildelinga på kapittel 912 post 22 dekkjer honorar og driftsutgifter for Konkurranssekretariatet.

Løn og sosiale utgifter

Klagenemndssekretariatet har betalt ut kr 15 320 487 i løn og sosiale ytingar, jf. note 2. Av desse utbetalingane gjeld kr 3 232 286 honorar til nemndsmedlemmer for alle nemnder.


Mellomvære

Mellomværet med statskassen utgjorde ved årsslutt 835 886 kroner. Nærare detaljar går fram av artskontorrapporteringa med notar.

Revisjon

Klagenemndssekretariatet er eit felles statleg sekretariat som er underlagt Nærings- og fiskeridepartementet. Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Klagenemndssekretariatet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil vere klar seinast 1. mai 2019.

Bergen 28. februar 2019


Anneline Vingsgård
direktør

6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapar for statlege verksemder er utarbeidde og leverte inn etter nærare retningslinjer som er fastsette i «bestemmelser om økonomistyring i staten» («føresegnene»). Årsrekneskapen samsvarar med krava i punkt 3.4.1 i føresegnene, nærare føresegner i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet av november 2016 og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av det overordna departementet.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Klagenemndssekretariatet er knytt til konsernkontoordninga til staten i Noreg Bank, jf. i punkt 3.7.1 i føresegnene. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årsslutt blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt ved overgangen til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar Klagenemndssekretariatet står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Klagenemndssekretariatet har rapportert til

statsrekneskapen. Tala blir stilte opp etter kapitla og postane i løyvingsrekneskapen. Klagenemndssekretariatet har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og forpliktingar Klagenemndssekretariatet står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/post som høyrer til ei anna verksemd (belastingsfullmakter), er ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene som er knytte til mottekne belastingsfullmakter, er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og er viste i kolonnen for rekneskap.

Gjevne belastingsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Gjevne belastingsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastingsfullmakta, og dei kjem derfor ikkje fram i kolonnen for rekneskap. Dei gjevne fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal Klagenemndssekretariatet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Klagenemndssekretariatet har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av bevilningsrapportering 31.12.2018

Utgifts-kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2018	Meirutgift (-) og mindretgift
0912	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A,B	20 999 000	18 429 724	2 569 276
0912	Driftsutgifter Konkurransklagenemnda	22	Driftsutgifter	A,B	2 000 000	1 764 049	235 951
0900	Nærings og fiskeridepartementet spesielle driftsutgifter	21		B	0	1 076 076	
1800	Olje og energidepartementet	21		B	0	539 712	
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter	A,B	0	607 817	
Sum utgiftsført					22 999 000	22 417 378	

Utgifts-kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samla tildeling*	Rekneskap 2018	Meirutgift (-) og mindretgift	
3912	Klagegebyr	01	Driftsinntekter	1 098 000	851 000	-247 000	
3912	Refusjonar og andre inntekter Kofakonferansen	02	Ymse	450 000	503 500	53 500	
3912	Brotsgebyr KOFA	87	Ymse	1 000 000	510 000	-490 000	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse	0	18 983		
5700	Arbeidsgjevaravgift	72	Arb.gjevaravgift	0	1 882 982		
Sum inntektsført					2 548 000	3 766 465	

Netto rapportert til bevilningsregnskapet					18 650 913	
Kapitalkontoar						
60094601	Noregs Bank KK /innbetalingar				2 301 876	
60094602	Noregs Bank KK/utbetalingar				-20 595 847	
709445	Endring i mellomvære med statskassa				-356 942	
Sum rapportert					0	

Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)							
					31.12.2018	31.12.2017	Endring
709445	Mellomvære med statskassa				-835 886	-478 944	-356 942

Note A Forklaring til samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar for året	Samla tildeling
91 201	889 000	20 110 000	20 999 000
91 222	0	2 000 000	2 000 000
			0
			0

Klagenemndssekretariatet har i 2018 disponert ei samla tildeling på kr. 21 mill. kroner
 Konkurransklagenemnda har i 2018 disponert ei samla tildeling på kr. 2 mill. kroner

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogeleg beløp som kan overførast til neste år

	Kapittel og post 912 01 Bevilling 2018	Kapittel og post 912 22 Bevilling 2018
Meirutgift(-)/ mindre utgift	2 569 276	235 951
Utgiftsført av andre iht. avgitte belastnings-fullmakter (-)	0	0
Meirutgift(-)/ mindreutgift etter gjevne belastnings-fullmakter	2 569 276	235 951
Meirinntekter / mindreinntekter(-) iht. meirinntektsfullmakt	-247 000	
Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilling	0	
Innsparingar(-)	0	
Sum grunnlag for overføring	2 322 276	235 951
Maks. Beløpsom kan overførast*	1 005 500	100 000
Mogeleg beløp som kan overførast, berekna av verksemnda	1 005 500	100 000

Mottekne belastningsfullmakter

Nærings- og fiskeridepartementet gav i brev av 04.06.2018 Klagenemndssekretariatet ei belastningsfullmakt for etableringskostnader på opptil kr 1 388 000 til dekking av etableringskostnader til fullføring av lokale, utvikling av nye nettsider, etablering av erfaringsarkiv og vidareutvikling av arkivsystem. Kostnadene er belasta direkte på kap. 0900 Nærings- og fiskeridepartementet, kap. 0900 post 21 «Spesielle utgifter». Kr 1 076 076 er belasta fullmakta i 2018.

Olje- og energidepartementet gav i brev av 02.11.2018 Klagenemndssekretariatet ei belastningsfullmakt på opptil kr 540 000 til dekking av kostnader til løn og andre utgifter for Energiklagenemnda under kap. 1800, post 21 «Spesielle utgifter». Kr 539 712 er belasta fullmakta i 2018.

Fullmakt til å bruke standardrefusjonar av lønsutgifter til å overskride utgifter

Refusjonar av sjukeløn på totalt kr 106 861 er nettoført i driftsutgiftene.

Refusjonar av løn av foreldrepengar på kr 175 923 er nettoført i driftsutgiftene.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarande meirinntekter

Klagenemndssekretariatet har i tildelingsbrev fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 0912 post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3912, post 01. Meirinntekt/mindreinntekt skal takast med i utrekninga av overføringa av den ubrukte løyvinga. I 2018 var det kr 247 000 i mindreinntekt på kap. 3912, post 01. Grunnlaget for brukt løyving som kan overførast, blir redusert med kr 247 000.

Mogleg beløp som kan overførast

Kapittel 912 post 01: kr 1 005 500.

Kapittel 912 post 22: kr 100 000.

Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2018

	Note	2018	2017
Driftsinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	851 000	1 358 000
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	503 500	409 070
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		1 354 500	1 767 070
Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til løn	2	15 320 487	10 967 982
Andre utbetalningar til drift	3	6 489 074	5 494 752
Sum utbetalningar til drift		21 809 561	16 462 735
Netto rapporterte driftsutgifter		20 455 061	14 695 665
Investerings- og finansinntekter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalningar av finansinntekter	4	0	-705
Sum investerings- og finansinntekter		0	-705
Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til investeringar		0	0
Utbetalningar til kjøp av aksjar		0	0
Utbetalningar av finansutgifter	4	0	168
Sum investerings- og finansutgifter		0	168
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		0	873
Innkravjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetalningar av skattar, avgifter, gebyr m.m.	5	510 000	0
Sum innkravjingsverksemd og andre overføringar til staten		510 000	0
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader		0	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0	0
Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)		18 983	14 375
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		1 882 982	1 348 424
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift)		607 817	459 213
Netto utgifter som er rapporterte på felleskapittel		-1 294 149	-903 586
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		18 650 913	13 792 953

Oversikt over mellomvære med statskassa

	Note	2018	2017
Eigedelar og gjeld		2018	2017
Fordringar		0	0
Kasse		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank		0	0
Skuldig skattetrekk		-835 886	-478 944
Skuldige offentlege avgifter		0	0
Anna gjeld		0	0
Sum mellomvære med statskassa	6	-835 886	-478 944

Note 1 Innbetalingar frå drift

	31.12.2018	31.12.2017
Innbetalinger frå gebyr		
Klagegebyr KOFA	838 000	1 329 000
Ulovlege direkte innkjøp KOFA	13 000	29 000
Sum innbetalingar frå gebyr	851 000	1 358 000
Innbetalinger frå tilskot og overføringar		
Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar	0	0
Sals- og leigeinnbetalingar		
Eksterne refusjonsinntekter KOFA-konferansen 2018	503 500	409 070
Sum sals- og leigeinnbetalingar	503 500	409 070
Andre innbetalingar		
Sum andre innbetalingar	0	0
Sum innbetalingar frå drift	1 354 500	1 767 070

Note 2 Utbetalingar til løn

	31.12.2018	31.12.2017
Løn	8 981 777	6 470 535
Arbeidsgjevaravgift	1 882 982	1 348 424
Pensjonsutgifter*	1 346 306	925 363
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-282 784	-871
Andre ytingar	3 392 206	2 224 532
Sum utbetalingar til løn	15 320 487	10 967 982
Tal på årsverk:	13,2	11,9

Talet på årsverk for 2017 var basert på oppstartstidspunkt av organet frå 01.04.2017

* **Nærare om pensjonskostnader:** Pensjonar blir kostnadsførte i resultatrekneskapen basert på faktisk oppsamla premie for rekneskapsåret. Premiesatsen og arbeidsgjevardelen for 2018 er på 12 prosent. Premiesatsen for 2017 var 12 prosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2018	31.12.2017
Husleige	1 644 051	1 617 707
Vedlikehold av egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	0	0
Andre utgifter til drift av eieendom og lokale	245 022	184 232
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m.	11 775	2 080
Mindre utstyrsinnkjøp	160 089	160 108
Leige av maskiner, inventar og liknande	911 102	363 758
Kjøp av framande tenester	2 332 455	2 293 502
Reiser og diett	440 751	304 074
Andre driftsutgifter	743 829	569 292
Sum andre utbetalinger til drift	6 489 074	5 494 752

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2018	31.12.2017
Innbetalinger av finansinntekter		
Renteinntekter	0	-705
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
Sum innbetalinger av finansinntekter	0	-705
Utbetalinger av finansutgifter		
Renteutgifter	0	168
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
Sum utbetalinger av finansutgifter	0	168

Note 5 Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2018	31.12.2017
Gebyr som ikkje inngår som driftsinntekt	510 000	0
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	510 000	0

Klagenemndssekretariatet kravde i 2018 inn kr 510 000 i gebyr for brot i KOFA-saker. Kr 375 000 frå Helse Stavanger HF, kr 135 000 frå Seljord kommune. Storleiken på rekneskapsførte gebyr, vil variere frå år til år ut frå talet på saker og eigenarten til sakene.

Note 6 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomvære med startskassa

Del A Forskjell mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa

	31.12.2018 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2018 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og eigarpartar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	0	0	0
Andre fordringar	0	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
Sum	0	0	0
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	337 737	0	337 737
Skuldig skattetrekk	-906 123	-835 886	-70 237
Skuldige offentlege avgifter	0	0	0
Anna kortsiktig gjeld	-401 523	0	-401 523
Sum	-969 909	-835 886	-134 023
Sum	-969 909	-835 886	-134 023

Dei uteståande fordringane i Klagenemndssekretariatet er knytte til gebyr for brot på lov om offentlige innkjøp der fordringa ikkje er betalt inn av verksemda i påvente av rettsleg avklaring frå Norsk Sjømatråd AS på kr. 440 000,-. Desse er ved ein inkurie ikkje klassifisert som andre fordringar. Innbetalinga vert bokført etter kontantprinsippet.

KLAGENEMNDSSEKRETARIATET

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen
knse.no